Resultatmål flyktingtenesta	Få på plass gode samarbeidsrutinar med samarbeidspartane i flyktingtenesta.	
Korleis måle?	Evaluere samarbeidsavtalen mellom NAV, Internasjonal skule og flyktingtenesta.	
Tiltak 2. tertial	Det er arbeida med å få til gode samarbeidsarenaer med dei ulike fagpersonane. Det ser likevel litt arbeid som står igjen her.	
Resultatmål NAV	Redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp, jamført med same tidspunkt i 2016	
Korleis måle?	Mindre utbetaling i 2017 enn i 2016.	
Tiltak 2. tertial	Ulike tiltak er set i verk for å redusere utbetalingen av sosialhjelp. Desse tiltaka følgast nøye og særleg kommunal tiltakspakke har ført med seg mange positive ringvirkningar.	
Resultatmål buhabtenesta	Sikre kvalitet, likeverdig tenestetilbod og stor grad av brukarorientering.	Kompetanseutvikling i teneste for utviklingshemma.
Korleis måle?	Brukarundersøking	Fleire tilsette med yrkes og høgskulekompetanse i tenesta. Frå 74,5 % til 80% tilsette med utdanning. Færre dispensasjonar frå for tilsette knytt til HOTL kap 9 om tvang og makt. Frå 8 til 6 dispensasjonar knytt til kap 9 om tvang og makt.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking er gjennomført, med eit samla snitt på 4,4 poeng, mot landssnittet på 4,6. Tiltak er satt i verk, og rapporten er lagt fram for politisk handsaming i kommunestyret.	Målretta kurstilbod, vidare og etterutdanning, og god bruk av fagdagar.
Resultatmål pleie og omsorgstenesta	Eit trygt og godt tenestetilbod til dei som treng det.	Betre kvalitet i demensomsorga
Korleis måle?	Brukarundersøking i bedre kommune.	Auka tal på tilsette med vidareutdanning innan demens, frå 12 til 15 tilsette.
Tiltak 2. tertial	Brukarundersøking for dagsenter og institusjon, fyrste halvår 2017 er gjennomført. Rapportane er under intern gjennomgang per d.d	Tilby vidareutdanning til dei som kan vere aktuelle.

Resultatmål pleie og omsorgstenesta	Offensiv satsing på velferdsteknologi	
Korleis måle?	Auke i tal på tilsette med mobilpleie i tenesta frå 24 til 30.	
Tiltak 2. tertial	Auke i lisensar ved behov. Pilot på eRomprosjekt i Myrvåg vert budsjettert for 2018	

Tertialrapportering 2 Samfunnsutvikling

1. Viktige hendingar

a. Rehabilitering av Sunnmørsjekta «Anna Olava»

2. Vedtaksrapport

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

SAKSNUMMER	Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen
Vedtak	K SAK 33/15 – 26.03.2015
Status	Ikkje arbeid med i siste periode
Framdrift	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

3. Tertialrapportering teneste

Mål	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
Utvikling				
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket Ikkje avvik	Fylkesmannen stadfester at klagesaker er i tråd med kommunen sine vedtak	67%	100%	100%
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene Ikkje gjennomført	Det skal gjennomførast brukarundersøkingar (bedrekommune) i 2017 der ein skal ha høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med	-	-	Høgare snitt enn kommuner ein kan samanlikne seg med
Brann	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
Feiing og tilsyn Ikkje utført feiing og tilsyn i 2 kvartal	Feiing av pipe og tilsyn av ildsted	Utført etter oppsett frekvens/pl	Utført etter oppsett frekvens/pl	Ein skal halde same frekvens som i 2016

		an	an	
Trygg og sikker innsats Det har vore 0-skadde under innsats i 2. tertial.	Måleindikatorar hentast ut frå adaptit			0-skadde under innsats
Tverrfagleg kartlegging av risikogrupper Kartlegging er under arbeid.	Rapportering gjennom samarbeid			3 kartleggingar
Bekymringsmeldingar Det er gjennomført tilsyn etter alle mottekne bekymringsmeldingar	Utføre tilsyn når ein mottek bekymringsmeldingar			100%
Nasjonale kampanjer Ingen kampanjer gjennomført i 2 tertial.	Ein skal følgje opp nasjonale kampanjer knytt til ansvarsområdet			3 kampanjer
Kultur	Måleindikator	Resultat 2015	Resultat 2016	Mål 2017
KULTURKONTOR Bygdemøter er gjennomført og arbeidet med sortering av føreslåtte kulturminner har starta.	Godkjend kulturminneplan	-	-	1
Ikkje starta opp.	Nye turkart i samarbeid med Sande kommune	-	-	1
BARNE- OG UNGDOMSARBEID Status: Mål nådd kvar andre veke. Juniorklubben er ikkje starta opp att då denne aldersgruppa har svært	Tal besøkande fritidsklubben pr. veke fordelt på to kveldar	(stengt. gr. vasslekkasje)	100 (haust)	100

mange fritidstilbud.				
Status: - 2 pr. august	Tal saker med uttale frå ungdomsrådet	2	3	5
Status: - 3 arr. pr. april (2 x nattcup + UKM) - 4 arr. pr. august (sommarfest PU)	Tal gjennomførte ungdomsarrangement pr år.	4	5	10
Status: - Gjennomført med 45 deltakarar.	Tal deltakarar på UKM	40	43	50
FRIVILLIGSENTRAL Status: Avventer byggearbeid i regi av eigedoms- avdelinga før flytting kan skje.	Flytte etablerte møteplasser/tiltak til nye lokalar i Kulturhuset	-	-	100 %
Status: 2 nye aktivitetar starta opp; Seniornett og Radiobingo.	Etablere nye møteplasser og tiltak	-	-	2
KULTURHUS Status: Gjennomført	Tildeling av øvingstider til alle som søker (innan fristen)	-	100 % (ny)	100 %
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
IDRETTSHALL Status: Gjennomført	Tildeling av treningstider til alle som søker (innan fristen)	100 %	71 %	100 %
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
FOLKEBIBLIOTEK Status: - 800 pr. august <i>Det er avvik i målalet knytt til at utlån til skular og barnehagar vert registrert som ein lånar. Dette gjeld og</i>	Auke tal aktive personlege lånarar	-	1 122	5 % (1178)

<i>familjar der ein føresett låner bøker til fleire i familien.</i>				
Status: Ikkje starta opp.	Auke tal arrangement for unge	-	6 (ny)	2
KONSERTHUS Status: - 7 663 pr. august	Selte billetter	17 000	15 000	14 000
Status: - 52 pr. august	Tal arrangement pr. år (40 egne + 20 innleigde)	66 (44 egne og 22 innleigde)	69 (44 egne og 24 innleigde)	60
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år
KINO Status: - 17 163 pr. august	Selde billetter	27 843	30 429	29 000
Status: Ikkje starta opp.	Brukarundersøkingar	-	-	1 pr/år

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafør sitt ansvarsområde:
Plan


Det har vore arbeidd med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring.

Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: **Revidert handlingsprogram for trafikktrygging, Skarabakken, Tarberg hytteområde, mindre reguleringsendring Røyra 2**

Avdelinga har 42 planoppgåver på lista si pr.dato, av desse er 12 private planar.


Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette og sjukemeldingar. Det er henta inn vikar for å halde oppe saksproduksjonen. I andre tertial er det kome inn 109 saker og det er handsama 128 saker.



Oppmåling

I andre tertial er det gjennomført 25 oppmålingsforretningar, Det er oppretta nye matrikkeleiningar til føremål: 7 bustad, 2 industri, 2 naust, 3 fritid og 3 anna formål. Det er oppretta 9 nye matrikkeleiningar som tilleggsareal til bustad. I perioden er gjennomført 1 arealoverføringar. Ein har pr. 01.09.2017. 10 oppmålingsforretningar på vent.



Eigedom

Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget .

Brann

Politisk sak om revidering av Brannordninga med tilhøyrande ROS-analyse er i prosess og er forventa vedtatt desember 2017.

Arbeidsmiljøprosessen går vidare med som planlagt.

Kultur

Det har vore gjennomført byggjearbeid ved kulturhuset i sommar, og lokala har vore heilt og delvis stengde som følgje av dette. Enkelte aktivitetar vart flytta til alternative lokalitetar, mens andre ikkje vart gjennomført i den aktuelle perioden.

I forbindelse med stenging av kulturhuset i sommar har folkebiblioteket gjennomført kassering av ca. 5 000 bøker (mot normalt 1 500 pr. år). Kasseringa er eit ledd i førebuingar til sjølvbetjent og meirope bibliotek.

Fritidsklubben har i regi av ungdomsrådet måla og oppgradert fritidsklubben. Arbeidet har skjedd primært som dugnadsarbeid og med fokus på gjenbruk av gjenstandar. Kulturkontoret erfarer ein auke i tal søknader om kulturtilskot, truleg som konsekvens av bortfall av RDA-midlar og at sponsormarknaden er betydeleg dårlegare enn føregåande år. I 2017 er det lagt ned fleire hundre timar, primært i dugnadsarbeid samt i regi av Ottar Bjørkedal, for rehabilitering og klargjering av kommunens båt; Sunnmørsjekta «Anna Olava». Målet har vore å setje den i stand slik at den igjen kan takast i bruk etter formålet. Båten har ligge på land i ca. 6 år og Eigarstyret ved Herøy Kystmuseum har hatt ansvaret for rehabiliteringa som er koordinert av kulturkontoret. Utgiftene er dekt av RDA-tilskot motteke i 2015 og 2016.

Drift

Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne. Behovet for reasfaltering er aukande. Innanfor området idrett er det ressursmangel som medfører at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald. Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting og vedlikehaldsetterslepet aukar år for år.

Hamnegebyr er vedtatt innført og ein har inngått samarbeid med Ålesund hamn om innkrevjing av gebyr. Det vart starta med logging av anløp den 4.april. Har vore nokre utfordringar med samhandling mellom datasystema som skal logge anløp og hendle utsendinga av gebyra. Alle systema var oppe å gå frå midten av Juni. Anløp før denne tida har vorte registrerte manuelt.

Teknisk vakt er innført og fungerer godt.

På avlaupssida er det utfordringar med gamle kombileidningar som må separerast for å få vekk overvatnet som fører med seg stein og grus som igjen skadar pumpesystema. Vil vere utfordringar med knappe resursar på drifta, då ansvarsområdet har vore pressa over tid og no vart auka ved innføring av hamnegebyr.

4. Tertialrapportering organisasjon:

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommuneorganisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgevarpolitikken sine	Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidlegavgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest
------------	--	--	---	---

		mål.		mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebygge og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidarundersøking.	Sjukefråverstatistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	8,42 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2020	450 poeng	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2017	Neste måling i 2018.	Betre enn landsgjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2017	<p>*Utvikle innbyggardialog, i prosess</p> <p>*Utvikle politiske saksframlegg, i prosess og delvis gjennomført</p> <p>*Omorganisering, gjennomført</p>	<p>*Leiaropplæring, i prosess</p> <p>*Delta i lokale nettverk, i prosess</p> <p>*Legge til rette for innovasjonskultur, i prosess</p> <p>*Kundebehandlarpris, i prosess</p> <p>*Utvikle delegasjon på leiarnivå, i prosess</p>	<p>Godt samarbeid mellom arbeidsgivar, tilsette og verneombod.</p> <p>Trygge og forutsigbare arbeidsmiljø</p> <p>Godt kollegaskap.</p>	Medarbeidar-samtalar, seniorsamtalar, tilrettelegging der det er muleg

5. Tertialrapportering samfunnsutvikling

Mål	Herøy kommune skal vere ein attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.	Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggar for tryggleik, trivsel og utvikling og kommunen	Herøy kommune skal ha godt omdøme.
------------	---	--	------------------------------------

		si rolle som samfunnsbyggjar.	
Korleis lukkast?	Oppfølging samfunnsplan og budsjettvedtak	Oppfølging samfunnsplan	Oppfølging samfunnsplan
Korleis måle?	Innbyggjarundersøking. Folketalsutviklinga. Data reiseliv. Grad av ferdigstilling på prosjekt	Innbyggjarundersøking.	Innbyggjarundersøking
Status 2016	8 972 innbyggjarar.	Manglar data.	Manglar data.
Ambisjon 2020	10 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Resultatmål 2017	9 000 innbyggjarar	Manglar data.	Manglar data.
Tiltak 2017	<p>*Gjennomføre investeringsprosjekt i tråd med vedteke budsjett, i prosess</p> <p>*Visjon for byutvikling, i prosess</p> <p>*Bygge ut Solsida park, i prosess</p> <p>*Vidareutvikle FNP gjennom oppretting utviklingsforum for vekst og utvikling i Herøy, i prosess</p> <p>*Delta i FOU prosjekt mot "havromet", i prosess</p>	Score over middels på aktuelle indikatorar.	<p>Høg kvalitet, servicehaldning og dyktige tilsette i alle ledd</p> <p>*SMS undersøkjing for å måle status på kundetilfredshet, ikkje gjennomført</p> <p>*Serviceerklæring, ikkje gjennomført</p> <p>*Systematisk bruk av sosiale medie, i prosess</p>

6. Investeringsprosjekt

Status: 1= Ferdig , 2 = Under arbeid , 3= Ikkje starta opp

Prosjekt	Budsjett	Status
Planfri kryssing Frøystadtoppen	24 125 000	2

Arkeologiske utgravingar	450 000	-
Miljømurdring Fosnavåg	170 000	2
Strategiske grunnkjøp	11 500 000	2
Skarabakken, utbetring m.m.	17 000 000	2
Planlegging av tursti Myklebustvatnet	125 000	2
Trafikktryggingstiltak	4 000 000	2
Myrabakken Bustadfelt, Moltu	8 350 000	2
Opparbeiding Almenningen	1 600 000	2
Vegarm campus-Myklebustvegen		2
Dreneringsgrøfter byggefelt	1 015 000	2
Infrastruktur byggefelt	4 985 000	2
Opparbeiding/tilordning Vike-Toftedal	1 355 000	1
Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak	295 000	2
Sjøledning avløp Vågsholmen		2
Almenningen	1 010 000	2
Kloakkutbygging	7 975 000	2
Div. kulturhuset	288 000	2
Nye:		
Biblioteket, sjølvbetjeningsautomatar	500 000	2
Nørvågen. Opparbeiding fortau med meir	4 000 000	2
Eggesbønes. Etablering av nytt industriområde	500 000	2
Mjølstadneset. Etappevis utbygging	5 625 000	2
Byutvikling Fosnavåg	5 000 000	2
Fosnavåg Hamn	5 000 000	2
Ny bru til Vågsholmen	2 800 000	2
Trafikktryggingstiltak	1 500 000	2

Grunnkjøp	3 000 000	2
Leine hamn, heving av industriveg m.m	500 000	3
Mindre prosjekt i bustadfelt og snuplassar	750 000	2
Div. kulturhuset	100 000	2



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
140/17	Formannskapet	19.09.2017
108/17	Kommunestyret	28.09.2017

BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2017

Møtebehandling:

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.09.2017

Herøy kommune skal levere forsvarlege tenester.

Samstundes ber kommunestyret om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vika bruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

Tilråding:

Herøy kommune skal levere forsvarlege tenester.

Samstundes ber kommunestyret om at avdelingane framleis skal vere forsiktige med vika bruken framover og at ein minimerer andre utgifter der det er mogeleg.

Særutskrift:

- Vest Kontroll IKS
- Søre sunnmøre kommunerevisjon IKS
- Kommunalsjefane, her

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Herøy kommune har økonomiske utfordringar i 2017. Baserte på tilbakemeldingar frå sektorane/avdelingane ser det ut til at desse får eit meirforbruk på totalt 4,3 mill kr dette året basert på rekneskapstala per 31.08. Vidare er dei budsjetterte inntektene frå skatt og rammetilskott samla sett om lag 8,2 mill kr høgare enn det som ser ut til å bli reelt basert på KS sin prognosemodell. Andre faktorar ser også ut til å slå negativt ut og samla sett kan kommunen gå mot eit samla meirforbruk på 14,3 mill kr. Men kommunen har bundne fonds på nær 1,8 mill kr som kan nyttast til saldering av eit meirforbruk og i tillegg voner ein at pensjonsavvik slår positivt ut i høve det budsjetterte.

Saksopplysningar:

Rådmannen sitt ynsker var å få fram tertialrapporten per 31.08.2017 til kommunestyret sitt møte 28 september. For å rekke dette vart månadsrapporten kjørt allereie 4 september. Det gjer at veldig mange fakturaer som gjeld august ikkje er med i talgrunnlaget i tabellane under (utgjer kanskje i alt om lag 2,0 mill kr), men ein voner at avdelingsleiarane og kommunalsjefane har tatt med dette i deira vurderingar.

Tabellen under er delt opp etter ny organisering. I tabellen ser vi at det er sektor for Helse og omsorg som har dei største utfordringane med å halde budsjettbalansen i 2017. Totalt melder dei om eit meirforbruk i 2017 på om lag 5,8 mill kr.

I tillegg ser ein av tabellen at skatt, ramme, finans, tilskott vil få betydeleg mindre inntekter i 2017 enn budsjettert.

				Rekneskaps	
	Avdelingsleiar	Avvik per	Totalt	prognose	
Sektor/område	vurdering (avvik i kr)	31.08.2017	Årsbudsjett	per 31/12	Avvik i %
Politisk leiing	-300	85	4 050	4 350	-7,4
Administrativ leiing	1 000	485	3 380	2 380	29,6
Sektor Stab	100	-2 604	47 800	47 700	0,2
Servicetorget	70	-149	2 960	2 890	2,3
Dok senter og pol sekr	30	72	2 180	2 150	1,4
Økonomiavd	-	-133	5 650	5 650	-
Personal og organisasjonsavd	-	-233	7 810	7 810	-
Informasjonsteknologi	-	-1 027	6 760	6 760	-
Eigdomsavd.	-	-1 134	22 440	22 440	-
Sektor Oppvekst	1 000	4 685	180 240	179 240	0,6
Barnehageavd.	-	1 682	67 140	67 140	-
Grunnskuleavd	1 000	3 003	113 100	112 100	0,9
Sektor Helse og omsorg	-5 800	-8 713	198 900	204 700	-3,0
Barn, familie, helse	-1 300	-1 515	38 800	40 100	-3,4
Pleie- og omsorgsavd	-4 000	-7 410	109 320	113 320	-3,7
Bu- og habiliteringsavd	-500	-1 173	40 980	41 480	-1,2
Sosial og flyktning	-	1 385	9 800	9 800	-
Sektor Samfunnsutvikling	-	4 072	34 025	34 025	-
Kulturavdelinga	-100	-1 000	8 610	8 710	-1,2
Utviklingsavdelinga	300	2 388	8 970	8 670	3,3
Brannvern og feiing	-200	-943	8 375	8 575	-2,4
Anleggs- og driftsavd	-	3 627	8 070	8 070	-
Overføringar	100	10 618	13 260	13 160	0,8
Ø-Hjelp og mottak	-400	435	-1 165	-765	-34,3
Skatt, ramme, finans, tilskott	-10 000	-7 713	-480 490	-470 490	-2,1
SUM	-14 300	1 350	-	14 300	

Tabellen nedanfor syner på kva utgiftsartar/inntektsartar ein får meirutgifter og mindreinntekter. Meirutgiftene knytt til løn kan bli endå høgare enn skissert under. Grunnen til dette er at ein innan sektor for Helse og omsorg har trekt meirinntekter i form av statstilskott ressurskrevjande brukarar frå dei auka lønnskostnadane slik at det er netto auken ein ser under.

	Rekneskap	Rekneskap	Revidert	Avvik	Forventa	Revidert	Forventa
	per 31.08.2016	per 31.08.2017	budsjett	hittil i år	avvik per	årsbudsjett	årsresultat
			per 31.08.2017		31.12.2017		
Sum totalt	-10 780	-17 209	-15 858	1 351	-15 300	-	15 300
Utgifter	439 168	420 978	449 915	28 937	5 800	702 570	708 370
Løn inksosiale utgifter	259 728	273 398	252 058	-21 339	3 800	406 181	409 981
Kjøp av varer og tenester	106 868	108 445	116 079	7 634	1 000	170 970	171 970
Overføringer og andre utg.	72 573	39 135	81 777	42 642	1 000	125 419	126 419
Inntekter	-449 948	-438 187	-465 773	-27 586	9 500	-702 570	-693 070
Salsinntekter	-46 663	-44 261	-51 701	-7 439		-82 039	-82 039
Refusjon sjukeløn	-11 390	-12 627	-4 380	8 247		-6 496	-6 496
Andre ref. og tilskott	-391 896	-381 299	-409 693	-28 394	9 500	-614 035	-604 535

Vi har her valgt å sakse inn det dei budsjettansvarlege har notert ned i månadsrapporten sitt kommentarfelt.

Kommentar frå Rådmann

Som rapportert tidlegare i år går Herøy kommune mot eit meirforbruk (underskott) i 2017.

Kor stort dette vil bli er framleis usikkert og det er slik at mykje kan skje dei siste 4 månadane av året. Det har vi sett tidlegare og det kan vi sjølvsagt sjå igjen.

Per no har vi ein større svikt i skatteinntektene i høve til budsjettet. Dette har blitt rapportert sidan 30.04 og har ikkje endra seg stort sidan den gong. Når det gjeld tenestene er rapportane litt meir oppløftande. Trass i at avdelingane innan sektor for helse og omsorg slit med budsjettbalansen seier dei tre andre sektorane at dei klarer å halde budsjettet eller til og med oppnå eit mindreforbruk i 2017. Samla sett er det no rapportert av sektorane samla vil få eit meirforbruk i 2017 på om lag 4,0 mill kr. Så vil utviklinga i skatteinntekter og rammetilskott i eiga kommune og på landsbasis avgjere kor stort Herøy kommune sitt samla meirforbruk vil bli i 2017. Om alle usikre punkt går i kommunen sin disfavour resten av året kan samla meirforbruk/mindreinntekter utgjere nær 14,5 mill kr. Rådmannen voner at ein gjennom nøysom bruk av midlar resten av året og at ein del av dei usikre faktorane går kommunen sin veg vil gjere at meirforbruket/mindreinntektene blir vesentleg lavare enn 15,0 mill kr.

Administrativ og politisk leiing.

I og med at budsjettendringa som gjeld politisk leiing er ein kostnadsvekst som blir finansiert av bruk av disposisjonsfondet vil vi å seie at samla mindreforbruk i desse to avdelingane vert vurdert til om lag 0,7 mill kr.

Politisk leiing

Her er det gjort ei budsjettendring på 315.000 kr i F.sak 117/17. Det skal då ikkje vere noko grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg meirforbruk på dette ansvaret.

Administrativ leiing

På dette ansvaret ligg det framleis an til eit mindreforbruk på om lag 1,0 mill kr.

Sektor Stab

Basert på tilbakemeldingane frå leiarane i dei ulike avdelingane ser det ut til at sektor stab vil få eit samla mindreforbruk på om lag kr 100.000,- i 2017

Serviceforbruk

Avvik i inntekter : Det mangler her interne føringar med om lag 360 000

Avvik i utgifter : Utgifter telefoni er ikkje fordelt ut i organisasjonen.

Prognose per 31.12.2017 - Balanse eller underforbruk med 10-30 000

Dokumentsenter og politisk sekretariat

Avvik i inntekter/utgifter:

Dokumentsenteret og politisk sekretariat har eit lite meirforbruk på løn bl.a. pga. etterbetaling løn. Dette, og ut over kjøp og utkjøp av kopimaskin, er det ingen merknader. Prognose per 31.12.2017 i kr:

På grunn av endringar i stillingsprosentar vil samla lønskostandar vert noko lågare. Dokumentsenteret og politisk sekretariat vil halde budsjettet for 2017, og pga. ein liten nedgang i stillingsprosent samla sett, kan ein ha von om eit mindreforbruk på kring 3-5% eller 40 000–70 000 kroner. Dette unders føresetnad om at Dokumentsenteret og politisk sekretariat ikkje får uføresette kostandar.

Økonomiavdelinga:

Økonomiavdelinga har god kontroll på kostnadssida og per i dag er det godt samsvar mellom budsjett og rekneskap her.

Når det gjeld inntektene vil nok desse bli redusert i 2017 i høve til budsjettet. Dette skuldast at vi ikkje lenger mottok betaling frå Legekontora i kommunen pga ny avtale mellom kommunen og legane.

Trass i ein inntektssvikt i 2017 i høve til budsjettet på i overkant av kr 100.000,- voner vi å om lag balanse mellom rekneskap og budsjett dette året.

Vår prognose er såleis at vi får eit avvik på kr 0,-.

Personal og organisasjonsavdelinga

Slik situasjonen er per dato er det lite som tyder på at det ikkje vil bli nokonlunde samsvar mellom inntekter og utgifter.

Avvik i utgifter: Når det gjeld lærlingar er det eit meirforbruk per dato, men dette vil bli krevd inn av dei avdelingane som per i dag har ekstra lærlingar.

Avvik i inntekter: Ein ligg etter med interne føringar, men erfaringar frå tidlegare tilseier at det det ikkje blir avvik her ved årsslutt.

Informasjonsteknologi (IKT)

Avvik i inntekter (kvifor) - ingen avvik å melde. Inntekter frå driftsavtaler vert fakturert årleg i november/desember.

Avvik i utgifter (kvifor) - Eit lite overforbruk på lønn og pensjon på, elles i balanse i forhold til budsjett. Telling av Microsoftlisensar mars førte til at ein måtte justere opp talet på lisensar. dette kjem fyrst og fremst av nybygg med nye arbeidsstasjonar. Microsoftlisensane vert då rundt 50 000 dyrare enn det som var budsjettet. Internettaksess frå Tussa sagt opp.

Mindreutgift på rundt 25 000 for andre halvdel 2017. Avvik på 15% denne månaden skuldast hovudsakleg betaling av årsfaktura frå SSIKT som ikkje er periodisert.

Prognose per 31.12.2017 i kr - Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt til trass for noko høgare kostnad på Microsoftlisensane enn berekna.

Evt ting som kan oppstå seinare i året. Lisensar vert fakturert noko ulikt frå leverandør til leverandør. Vi får rekningar både per kvartal, halvår og år. Dette kan gi utslag i avvik i utgifter enkelte månader, men jamnar seg ut i løpet av året. IKT betalar for leasing av 2 kopimaskiner hjå BFH. Desse vert fakturert avdelingane ved årets slutt. Utgjer ein årleg kost på rundt 75 000.

Eigedomsavdelinga:

Eigedomsavdelinga arbeidar ut i frå at avdelinga samla sett går i balanse ved årsslutt. Det er likevel utfordringar knytt til dette, som må presiserast.

Ein viktig inntektspost er knyt til utleige av næringsbygg. Pr. i dag står store delar av Nedre Dragsund 2 og Industrivegen 19 ledige, slik at faktisk inntekt frå næringsutleige i 2017 ikkje

samsvar med budsjett. I desse dagar er vi i forhandlingar med ein aktør som er interessert i å leige Industrivegen 19 og fleire aktørar som er interessert i å leige lokale i Nedre Dragsund 2. For sistnemdes del, må det i den samanheng gjennomførast bygningsmessige endringar, noko avdelinga arbeidar for å til. I den samanheng er det problematisk at ein av prosjektleiarane har sagt opp jobben og har siste arbeidsdag 28. september. Kapasiteten til å få dette prosjektet i hamn vert såleis tilsvarande redusert.

Likeins har vi redusert det planlagte vedlikehaldet av kommunale bygg med kr. 1 mill. for å styrke avsetninga til uforutsett byggdrift. Det inneber at seksjon Byggdrift no har fått handlingsrom til å fylje opp det som vert innmeldt løpande frå dag til dag. Samstundes vert det planlagte vedlikehaldet redusert, noko vi prinsipielt advarar mot å legge til grunn som strategi vidare.

Sektor Oppvekst

Basert på tilbakemeldingane frå avdelingane tyder det på at sektor oppvekst vil få eit mindreforbruk i høve til budsjettet på om lag 1,0 mill kr i 2017.

Barnehageavdelinga

Det positive avviket skuldast:

Mindre utgifter enn budsjettert: Har ikkje fått alle rekningar frå andre kommune for barn busett i Herøy med barnehageplass i Ulstein, Hareid Volda. (kjem på slutten av året) . Det vil og kome refusjonskrav på slutten av året frå private barnehagar i Herøy vedk. ekstra ressursar, syskjenmoderasjon og tapt inntekt for barnehagen grunna lavinntektsordninga. No frå august vert det høgare utgifter til barn med særlege behov, då det er gjort vedtak om ekstra ressursar til 4 funksjonshemma barn i tillegg til at det er tilsett 2,5 årsverk støttepedagog for å gi tilpassa opplæring til barn med særlege behov i alle barnehagane. Mindreforbruket på funksjon 211 til no i år, vil difor mest sansynleg ikkje sjå slik ut på slutten av året. Om trenden med færre barn busett i Herøy med barnehageplass i anna kommune, held seg, vil ein likevel kunne halde budsjetttramma) Om det skulle bli eit meirforbruk på 211, har ein mulegheit til å dekke dette av øyremerka bund fond.

Kommunen må gjere vedtak om eit ekstra tilskot til private barnehagar som handlar om krav om fleire pedagogar i barnehagane. Dette er pengar som kommunen har fått i rammetilskotet for 2017. Ordninga vil få heilårsverknad frå 2018 og vil vare fram til 2020. For hausten 2017 vil dette tilskotet kome på ca 250 000, og bør overførast barnehagebudsjettet.

Det er denne hausten færre barn enn vanleg i fleire barnehagar. Kommunen har rekna på kva som kan reknast som ei stor aktivitetsendring, og vurderte at ein av dei private barnehagane har så stor endring at det måtte gjerast nytt vedtak om kommunalt tilskot for perioden september-desember. Tilskotet til denne barnehagen blir då kr. 162 400 lavare per månad enn tidlegare vedtak hadde gitt. Til saman blir dette ei mindreutbetaling på kr. 649 600,- og ei innsparing for kommunen.

Meir inntekter enn budsjettert: Kommunen har fått høgare tilskot øyremerka minoritetsspråklege barn enn budsjettert pga av ny ordning i tildeling av tilskot. Kommune med mange minoritetsspråklege barn i barnehage blir prioritert framfor kommune med få minoritetsspråklege barn.

Kommunen har og søkt og fått tilskot til symjeopplæring for barnehagebarn. Dette er eit øyremerka tilskot som går ut igjen til både kommunale og private barnehagar og som gjer at foreldre slepp betale ekstra for at barna skal få dette tilbodet.

Det er og litt høgare refusjon sjukepengar enn budsjettert.

Grunnskuleavdelinga

Område 22, grunnskule m.m., ligg pr.31.08. ca 3 mill under budsjett. Dette utgjør eit netto forbruk på 60,2, mot 62,5 i 2016, og er i hovudsak relatert til større inntekter.

Avvik i utgifter:

Fast lønn ligg 1,1 over budsjett, og må sjåast i samanheng med vikarmidlar til vidareutdanning, samt med tilskot til tidleg innsats/ auka lærartettleik 1.-4.trinn. Vi nyttar elles fleire lærartimar til spesialpedagogisk arbeid dette skuleåret, samt timar til assistent for at barn skal kunne vere på skule og SFO, men verknaden av dette ser ein først seinare. Vikarbruk ligg ca 680' over budsjett, men må relaterast til at ein ligg ca 1,2 mill over budsjett på refusjon sjukepengar/foreldrelønn.

Vi ligg 3 mill under budsjett på kjøp av varer og tenester. Ein del skuldast kjøp av tenester som endå ikkje er fakturert, så som faktura frå andre kommunar for barn frå Herøy i fosterheimar.

Avvik i inntekter:

Inntektene ligg 2,4 mill over budsjett. Dette er relatert til refusjon sjukelønn og statstilskot til "tidleg innsats" og til norskopplæring.

Prognose: Tilskot til tidleg innsats som var ført i vår, vert "spist opp" meir og meir av lønnsutgiftene ut over skuleåret. Vi forventar meir vikarmidlar for lærarar som er på vidareutdanning denne hausten. Det er sett inn fleire tiltak for barn med særlege behov frå og med dette skuleåret. Det som gjer at vi likevel forventar å kome ut i pluss, er tilskotet til EMA som ikkje var oppbrukt då avdelinga vart lagt ned. Basert på dette, forventar vi eit samla forbruk på ca 1 mill under budsjett. Då er det teke høgde for ein buffer for uforutsette utgifter pga mange nye elevar og til dels store utfordringar i somme avdelingar.

Sektor Helse og pleie

I sektor for helse og pleie er prognosene for rekneskapsåret 2017 dystre. Samla sett har avdelingane under denne sektoren eit netto utgiftsbudsjett på om lag 199,0 mill kr i 2017 og dei har meldt om eit negativt avvik (meirforbruk) på i alt 5,8 mill kr (nær 3%).

Barn, familie og helse

Helseavdelinga: Avvik på inntekter skuldast i hovudsak nye leigeavtaler med legane og mindreinntekter ved betaling av husleige.

avviket på utgifter skuldast i hovudsak utbetaling av oppreisning for barnevernsbarn, skuleheimsbarn og fosterbarn. Det vil verte ei budsjettkorrigerings på denne utgifta i haust.

Prognose per 31.12.2017 har vore meldt til eit eit meirforbruk på kr. 1.3 mill. Det er å håpe på at dette vil halde då det fortsatt står igjen store deler av året. Det er første året med nye leigeavtaler for legane slik at det er ein viss usikkerheit i dette beløpet.

Når det gjeld helsetenesta generelt og kva som kan oppstå seinare i året vil eg særleg nemne det auka talet på ressurskrevjande pasientar innan mange av fagområda.

Barnevernsavdelinga: Avvik i inntekter skuldast i hovudsak store refusjonar.

Det har vore store utgifter til tiltak denne perioda. Barnevernet arbeidar aktivt med tiltak i heimen og det har og gitt seg utslag i at det vert noko færre omsorgsovertakingar. Det er alltid vanskelig å være konkret når det gjeld kva som kan komme av store og kompliserte saker som kan føre til omsorgsovertaking og med det store utgifter vidare utover hausten. Dette er ein usikkerheit vi må leve med.

Det positive avviket som er per i dag kan ein såleis ikkje rekne med vil vare ut året.

Prognosen per 31.12.2017 er at budsjettet skal gå i balanse.

Pleie- og omsorgsavdelinga

Avvik i inntekter: Vi forventar ei inntekt på ca 4 million frå staten, som kompensasjon for ressurskrevjande tenester.

Avvik i utgifter: Avvik på grunn av rammekutt, ekstra utgifter til løn og kjøp av eksterne tenester. Vi ligg klart over ønska forbruk per august. Rekninga frå RO for ekstern evaluering

av helse og omsorgstenesta, er førebels betalt over drifta til administrasjon.

Prognose per 31.12.17: Avdeling for pleie og omsorg vil samla sett få eit negativt avvik per 31.12.17. Faktorane for avvik har vore kjent heile året.

Negativt avvik på grunn av auke drift tilsvarande 9,5 årsverk i heimetenesta i heile 2017. I tillegg eit høgt rammekutt og betaling til RO over adm sitt budsjett. Vi har grovt rekna å få igjen ein i refusjon/statstilskot for ressurskrevjande brukarar på ca 4 million. Likevel reknar vi med eit at negativt avvik samla sett på slutten av året, om drifta er uforandra ut året, på omlag 4 million.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Avvik i inntekter: Ekstra inntekter på grunn av refusjon sjukeløn.

Avvik i utgifter: Høg overtidsbruk dei fyrste sju månadane i 2017. Skuldast høg fråversgrad på grunn av sjukdom. Ekstra ressursbruk ifht auka behov for enkelte brukarar.

Prognose per 31.12.17: Negativt avvik i butilboda. Noko vert truleg kompensert med litt auke i statstilskot for ressurskrevjande tenester, men dette er ikkje finrekna på enda. Førebels er meldte negativt avvik ca 0,5 million samla sett, i denne avdelinga.

Sosial og flyktning

Desse tenestemråda har eit stort positivt avvik no.

På utgiftssida er det særleg overføringar til andre som er redusert. Dette er i det alt vesentlege utbetaling av sosialstønader og det må ein sjå på som positivt.

Når det gjeld inntekssida er det særleg overføringar frå staten som gjer meirinntekter. dette er tilskot som skal nyttast utover hausten. I tillegg er det og relativt store refusjonar av sjukeløn.

Prognose per 31.12.2017 er at regnskapet skal vere i balanse. det er litt tidleg nå å vurdere det på ein anna måte då det fortsatt kan kome store utbetalningar til sosialklientar og også auka utgifter til flyktningar.

Sektor Samfunnsutvikling

Generell vurdering:

Fleire av avdelingane har god kostnadskontroll basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned. Ein vurderer til at ein har god kontroll på økonomistyringa totalt sett, men ein er uroa over avvika for område 55. Det vil derfor i siste tertial ha eit særskilt fokus på område 55 for å få kontroll over utviklinga.

Avvik i inntekter: mindreinntekt på utviklingsavdelinga, interne føringar ikkje gjennomført, feiing vert ikkje sendt ut før september.

Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer, tenester og andre leigeforhold

Prognose pr 31.7.2017:

Totalt sett vurderer ein det slik at i beste fall vil forbruket på årsbasis gå i balanse.

Område 50 (Utviklingsavdelinga)

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 50 eit mindreforbruk på om lag 640 251.- pr. 31.08.2017. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Avvik i inntekter: Mindreinntekter på plan.

Avvik i utgifter: Meirutgifter til kjøp av varer og tenester. Store kostnadar på lisensar for programvare som kjem i starten på året og saldering budsjett 2017 gir i hovudsak avvik på utgifter

Prognose pr 31.08.2017:

Totalsituasjonen er under kontroll og månadsrapporteringa ber preg av meirutgifter til kjøp av lisensar for programvare som kjem i starten av året, medfølgande mva og saldering budsjett 2017. Budsjetterte inntekter ser ut til å utvikle seg i balanse.

Område 51 (Anlegg og drift):

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 51 eit mindreforbruk på om lag kr. 107 186.- pr. 31.07.2017. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då :

-delar av interne føringar ikkje er gjennomført.

Avvik i inntekter: Interne overføringar ikkje gjennomført.

Avvik i utgifter: Variabel kostnad til snøbrøyting

Prognose pr.31.07.2017:

Pr.31.07.2017 syner rekneskapen før justering av etterslep på interne føringar, inntekter.

Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli om lag som budsjettert.

Område 55 (Brann)

Samla sett viser rekneskapen pr. 31.08.2017 for område 55 eit meirforbruk på vel 1 012 530,- kroner (opp 744 000kr).

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. måned.

Avvik i inntekter: Mindre inntekter i størrelseorden 403 291 kroner . Årsak til dette er mindre salsinntekter på 463 000 kroner. Mindre inntekter kjem fram grunna at avgift for feiing vert sendt ut i september måned.

Avvik i utgifter: Det er belasta om lag 187.000 kroner i bruk av konsulent i samband med arbeidsmiljøundersøkinga i brannvernet som ikkje er budsjettert. Utover dette er der eit meirforbruk på 422 239 kroner som har si årsak i 250-300' skyldast periodisering.

Lønsutgifter (30.000 +)kjem frå gruppeoppgåver i samband med arbeidsmiljøprosessen.

Det er som eit HMS tiltak bestemt å kjøpe inn sambandsutstyr (ørepluggar) til ein kostnad av 70.941,- .

Prognose pr. 31.08.2017:

Budsjettet er knapt og med kostnader som ikkje er budsjettert i underkant av 200.000 kroner vurderer ein det slik at det på årsbasis vert eit meirforbruk.

Område 40 (Kulturavdelinga)

Generell vurdering:

Samla sett viser rekneskapen for område 40 eit meirforbruk på om lag 85 000.- pr. 31.08.2017.

Avvik i inntekter:

- 4011: Kulturkontoret. Sjå avvik i utgifter.

Avvik i utgifter:

- Mykje av kostnadane fylgjer ikkje periodiseringa i budsjettet og vil fyrst vise balanserte tal nærare årsslutt. Vi nemner særleg:

- 4011: Kulturkontoret. Kostnader til rehabilitering av sunnmørsjekta vert ført over kulturkontoret sitt budsjett. Kostnadane skal dekkast av RDA-tilskot som enno ikkje er inntektsførte Prognose ved årsslutt er balanse.

Dei øvrige områda er venta å gå i balanse med unntak av:

- 4021: Frivilligsentralen. Meirutgifter hovudsakleg til husleige, straum m.v. grunna at eigedomsavdelinga si tilrettelegging for flytting til kulturhuset ikkje er i rute. Prognose ved årsslutt er eit forventet meirforbruk på minst 75'.

- 4061: Konserthuset, meirutgifter hovudsakleg grunna uforutsette og ikkje budsjetterte kostnader til leige av bord/stolar med hotellet. Prognose ved årsslutt er høgst uklart grunna foran nemnte.

Prognose pr 31.8.2017:

Totalt sett vurderer ein det slik at forbruket på årsbasis vil bli eit mindre meirforbruk . Omfanget er uklart pt.

Andre områder ikkje knytt opp mot sektorane

Slik det ser ut per i dag vil desse tre avdelingane få eit meirforbruk/mindreinntekter på mellom 7,3 og 10,3 mill kr i 2017.

Overføringar

Avviket skuldast i første rekke inntekter og kostnader knytt til RDA midlane. Ser vi vekk frå desse som skal gå i kr 0,- ved årsskiftet ser det ut til å vere ok samsvar mellom rekneskap og budsjett slik at det ikkje er grunn til å tru at det vert noko negativt avvik her i 2017.

Målet er eit mindreforbruk på kr 100.000,- i 2017.

Øhjelp, mottak

Dette området er budsjettert med eit mindreforbruk på nær 1,2 mill kr. Dette gjeld inntekter frå staten i samband med mottaket for mindreårige asylsøkjjarar som var lokalisert i Fosnavåg fram til 31.08.2017. Det gjer at inntektene her ikkje blir så store som forutsett og det kan også vere at avdelingar i Herøy kommune (skule, helse) har hatt ekstra kostnader til drifta som dei vil ha refundert frå desse midlane. Det gjer at vi har kan få eit meirbruk på nær 1,2 mill kr sett i høve til budsjettet. Vi håper imidlertid at meirforbruket blir avgrensa til reduserte statlege overføringar for 3 tertial - dvs omlag kr 400.000,-.

Skatt, rammetilskott, finans, pensjonsavvik, interne finanstransaksjonar m.m.

Dette er nok det mest usikre området i årets budsjett. Spesielt gjeld det skatt og rammetilskottet eller kommunens frie inntekter.

I budsjettet for 2017 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 275,0 mill kr og eit rammetilskott på 203,2 mill kr. Slik prognosene ser ut per 31.08.2017 er det grunn til at å tru at skatteinntektene vil bli på mellom 257,5 og 262,5 mill kr. Om skatteinntektene vert 260,0 mill kr vil rammetilskottet utgjere om lag 210,0 mill kr det vil seie at vi har får ein inntektssvikt på om lag 8,2 mill kr.

Når det gjeld finans ser det ut til at avdragskostnadane vil bli om lag som budsjettert (22,85 mill kr). Aksjeutbyttet frå tussa er om lag 0,5 mill kr høgare enn budsjettert.

Vi har budsjettert med 3,3 mill kr i statleg rente- og avdragskompensasjon. I 2016 utgjerde denne inntekta 2,3 mill kr og sjølv om vi i år har 16 nye omsorgsbustadar vi skal motta litt rentekompensasjon for vil eit ytterlegare redusert rentenivå gjere at vi nok manglar om lag 0,75 mill kr på å halde budsjetter på dette området.

Våre vilkår i bankavtalen er dårlegare no enn det den var i den føregåande avtalen slik at det ikkje er sikkert at vi får inn dei 1,3 mill kr vi har budsjettert med i ordinære renter på bankinnskott.

Under aktiv forvaltning har vi budsjettert med ei avkastning på 1,7 mill kr (3,4%). Per 31.08.2017 er avkastninga på 1,8%. Går vi ut frå at dei neste 4 mnd vil gje ei avkastning på 0,8% (totalt 2,6%) vil det utgjere ei avkastning på om lag 1,3 mill kr. Når det gjeld aksjeavkastning under aktiv forvaltning har vi budsjettert med heile 11% (kursvekst og utbytte) noko som utgjier i overkant av 2,3 mill kr. Per 31.08.2017 er avkastninga nær 10,3% eller om lag 2,1 mill kr. Om hovudinndeksen stig med ytterlegare 1 poeng resten av året klarer vi avkastningskravet.

Vi har budsjettert med om lag 14,0 mill kr i samla rentekostnader i 2017. Gjelda vår er per dato på om lag 860,0 mill kr reknar vi ei snittrente på 1,65% vil dette utgjere om lag 14,1 mill kr på årsbasis. Det vil seie at vi bør treffe godt med årets budsjett.

Det siste vi kan nemne her er premieavvik på pensjon, amortisering av tidlegare års premieavvik og premiefond. I 2017 har vi budsjetttert med ei «inntekt» her på 13,8 mill kr. I 2016 utgjorde dette om lag 18,0 mill kr og i 2015, 2014 og 2013 hhv 9,1 mill kr, 11,7 mill kr og 6,2 mill kr. Som ein ser er det vanskeleg å berekne denne posten, men ein ting er sikkert for 2017 – dei samla netto pensjonskostnadane vil bli ein del høgare i 2017 enn det dei har vore siste åra 36,0 i 2016, 37,5 mill i 2015, 36,7 mill kr i 2014 og 33,9 mill kr i 2013).

Konklusjonen er at dette området per dato ser ut til å få eit negativt avvik i inntektene på mellom 7,0 mill kr og 10,0 mill kr – men det er slik at den samla veksten i skatteinntektene på landsbasis vil vere med på å regulere denne summen positivt (større inngang enn rekna med i revidert) eller negativt.

Vurdering og konklusjon:

Som ein ser av vurderingane over kan kommunen i 2017 få eit meirforbruk på inntil 15,0 mill kr. Vi ser på dette som ei «worst case» prognose og ein voner sjølvsgatt at tala vert mykje betre enn det ein har skissert.

Det er også slik at kommunen har bundne fond som kan oppløysast om kommunen kjem ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk. Per i dag er det snakk om om lag 1,75 mill kr.

I budsjett rapporten per 31.08.2016 var tilbakemeldingane frå avdelingane at vi fekk eit mindreforbruk på i overkant av 2,0 mill kr. Fasiten synte eit mindreforbruk på om lag 16,0 mill kr. Den gang konkluderte vi med at det var pensjonsavviket m.m. som ville avgjere om vi gjekk med mindreforbruk eller meirforbruk. Pensjonskostnadane i 2016 vart historisk lave noko som gjorde at vi fekk eit stort mindreforbruk også på område 90 (skatt, finans, tilskott, pensjon, interne finanstransaksjonar).

Det vert viktig for sektorane å redusere pengebruken resten av året, men at ein likevel leverer forsvarlege tenester.

Fosnavåg, 10.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2012/317
		Arkiv:	Q52

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
142/17	Formannskapet	19.09.2017
109/17	Kommunestyret	28.09.2017

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51205: LEIKANGER SKULE (TILKOMST, SNUPLASS, PARKERING)

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.09.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 4 291 202,- kr.
2. Mindreforbruk på 38 798,- kr. vert tilbakeført til unytta lånemidlar

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 4 291 202,- kr.
2. Mindreforbruk på 38 798,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar

Særutskrift:
- Økonomi

Bakgrunn:

Prosjektet er ferdigstilt, denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:

I 2013 blei noko av midlane brukt til å planere delar av arealet aust for den nye kunstgrasbana. Dette tiltaket var ei mellombels tiltak for å få nokre parkeringsplassar i påvente av ein meir heilskapleg plan.

I 2016 blei det prosjektert ein plan som stettar alle krav. Anbodskonkurransen vart gjennomført, og det var oppe sak om tilleggsløyving. Det fysiske arbeidet starta opp 14.11.2016.

Det var utfordringar i byggjearbeidet i startfasa fram mot jul 2016. Utførande entreprenør møtte på vesentleg dårlegare masser enn antatt i store delar av byggeområdet. Masseutskiftinga var fordyrande for prosjektet. Det kom difor opp ei ny sak om tilleggsløyving.

Arbeidet var i hovudsak ferdig i byrjinga av mars 2017. Asfaltering og oppmerking vart utført i byrjinga av mai, og i slutten av mai varte det haldt overtakingsforretning. 16. juni var det offisiell opning av anlegget.

Finansiering:

Budsjett 2012	800 000,-
+ Tilleggsløyving K-sak 149/16	2 330 000,-
+ Tilleggsløyving K-sak 7/17	1 200 000,-
= Total løyving	4 330 000,-

Rekneskap:

Totalt forbruk	4 291 202,-
= Mindreforbruk	38 798,-

Vurdering og konklusjon:

Arbeidet er utført, og ein har eit mindreforbruk i høve budsjettet. Prosjektet kan avsluttast og rådmann tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre ovanfor.

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på 4 291 202,- kr.
2. Mindreforbruk på 38 798,- kr vert tilbakeført til unytta lånemidlar.

Konsekvensar for folkehelse:

Fleire parkeringsplassar (inkl. HC-parkering), snuplass for buss, fast dekke, gatelys og universelt utforma gangveg har positiv verknad for folkehelsa i høve trafikksikkerheit blant brukarane av skulen, barnehagen, grendahuset og idrettslaget.

Konsekvensar for beredskap:

Betre vegstandard, snuplass, fast dekke og gatelys har betra forholda i høve beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Det har blitt eit større areal å brøyte, men vegstandarden er heva slik at driftstilhøva har blitt enklare, jf. fast dekke og gatelys.

Fosnavåg, 24.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2015/1640
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/17	Komite for næring, kultur og idrett	06.09.2017
25/17	Komite for oppvekst	06.09.2017
143/17	Formannskapet	19.09.2017
110/17	Kommunestyret	28.09.2017

PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - BYGGEPROGRAM FOR GYMSAL / FLEIRBRUKSHALL

Møtebehandling:

Prosjektleder Rolf Henning Hide og eigedomsleder Robert Myklebust møtte og orienterte.

AP v/Svein Gjelseth kom med framlegg om slikt tillegg til pkt, 4 i tilrådinga, etter gjennomføre prosjektet:

«som totalentreprise»

Framlegget fekk 4 røyster.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 4 røyster..

Tilråding i Formannskapet - 19.09.2017

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
2. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 06.09.2017

5. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
6. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
7. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
8. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 06.09.2017

9. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
10. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
11. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
12. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Tilråding:

13. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet for fleirbrukshall 25x 45 m. ved Einedalen skule.
14. Fleirbrukshallen vert lagt til tomta ved SFO.
15. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
16. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Særutskrift:
Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar
Økonomiavdelinga
Kommunalsjef Oppvekst
Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Kommunalsjef Stab
Hovudverneombodet
Bergsøy idrettslag - handballgruppa

Vedlegg:

- 1 Vedlegg 3 - Prosjekt 51408 - Einedalen skule - byggeprogram - gymsal
- 2 Vedlegg 4 - Prosjekt 51408 - Einedalen skule - byggeprogram - fleirbrukshall
- 3 Vedlegg 5 - Informasjonsbrosjyre

Prenta vedlegg

1. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – gymsal - byggeprogram
2. Prosjekt 51408 – Einedalen skule – fleirbrukshall - byggeprogram
3. Informasjonsbrosjyre frå leverandør av fleirbrukshallar

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16
2. F-sak 198/16
3. F-sak 51/17

Samandrag av saka:

Saka gjeld godkjenning av byggeprogram for gymsal eller fleirbrukshall ved Einedalen skule og vurdering av alternativ bygging av fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall og gymsal ved Einedalen skule.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Formannskapet handsama byggeprogram for fleirbrukshall ved Einedalen skule i F-sak 198/16 og gjorde slikt vedtak:

«Herøy formannskap sender saka tilbake til administrasjonen og ber om ei ny vurdering på type, standard og arealbehov, med sikte på å redusere prosjektkostnaden.»

Formannskapet handsama likeins i F-sak 51/17 eit initiativ til å greie ut relokalisering av heile prosjektet til Herøy kulturhus og idrettshall og gjorde slikt vedtak:

1. «Formannskapet viser til vedtaket i møte 20.09.2017 og ber om at dette vert utgreidd.
2. Formannskapet ber vidare om at ein gymsal ved Einedalen skule og ein enkel fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall vert utgreidd.»

Byggeprogram

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

Byggeprosjekt			
Programfase	Prosjekteringsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet for eit byggeprosjekt og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet. Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, byggefase og garantifase.

Byggeprogram vert utarbeida av eigedomsavdelinga som ansvarleg fagavdeling for kommunale byggeprosjekt, i samarbeid med dei aktuelle administrative og politiske interessegrupper og behovsmeldarar.

For dette prosjektet, er byggeprogrammet vurdert opp mot dei krav og råd som Kunnskapsdepartementet har utarbeida for bygging av idrettshallar og då særleg for at fleirbrukshallar skal kvalifisere til tippemidlar, sjå prenta vedlegg 1.

Likeins har vi teke omsyn til prosessomtale for planlegging og bygging av fleiridrettshallar, utarbeidd av Norges Handballforbund, Norges Basketballforbund og Norges Bandyforbund, sjå prenta vedlegg 2.

Prosjekt 51408 – Einedalen skule – gymsal / fleirbrukshall

Byggeprogrammet for Einedalen skule – gymsal/fleirbrukshall - omhandlar tre alternativ: bygging av ein gymsal for å stette skulen sitt eige behov, sjå prenta vedlegg 3, eller bygging av ein fleirbrukshall som stetter behova for både skulen og private lag og organisasjonar. Fleirbrukshallen kan byggast i to ulike storleikar, sjå prenta vedlegg 4


Eigedomsavdelinga har utarbeidd byggeprogrammet i samarbeid med sektor oppvekst (kommunalsjef, rektor og verneombod ved Einedalen skule) og sektor Samfunnsutvikling v/ avdelingsleiar kultur. Likeins har Bergsøy idrettslag – handballgruppa – vore ein pådrivar for å bygge ein fleirbrukshall og som ein framtidig brukar difor også vore delaktig i arbeidet ved fleire høve og seinast i møte 22.08.2017.

Utbyggingsalternativ 1 - gymsal 16 x 20 m.

Utbyggingsalternativ 1 omhandlar bygging av gymsal på 16 x 20 m. Gymsalen stettar skulen sitt behov, men ikkje dei behova som Bergsøy idrettslag har meldt. Gymsalen kan likevel tenkast nytta til andre og mindre plasskrevjande aktivitetar i regi av lag og organisasjonar og såleis avlaste Herøyhallen noko, utan at hallkapasiteten for handball spesielt vert løyst på dette viset.

Byggeprogrammet inneber at det vert bygd ei speleflate på 16 x 20 m. med eit tilhøyrande garderobesett for elevar, herunder også lærargarderober. I tillegg er det lagt inn tekniske funksjonar og fellesareal for at bygget skal kunne fungere uavhengig av skulen si drift.

Gymsalen vert tilrådd plassert ved dagens personalinngang, i det same området som arkitekt skisserte ved utbygginga av Einedalen skule i 2009. Ein gymsal har så lav byggekostnad samanlikna med ein fleirbrukshall at tradisjonell byggemetodikk kan nyttast. Dermed kan ein også oppnå dei arkitektoniske krav som ein bør stille for at Einedalen skules arkitektur ikkje skal verte forringa av hallprosjektet. Ulempene ved ei slik plassering er – på same vis som for ein fleirbrukshall, sjå nedanfor - at dagslys for grupperom og arbeidsrom på base 6 og 7 vert redusert og at skulens akebakke om vinteren forsvinn.



Ovannemnde skisse illustrerer ein fullt utbygd fleirbrukshall, ikkje ein gymsal.

Utbyggingsalternativ 2 – fleirbrukshall 23 x 44 m.

Utbyggingsalternativ 2 omhandlar bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. Fleirbrukshallen stetter både skulens behov samstundes som den er det minste alternativet for ei fullverdig handballbane.

Eigedomsavdelinga og sektor Oppvekst, herunder rektor og verneombod ved Einedalen skule, tilrår at fleirbrukshallen vert plassert i området ved SFO og peikar særleg på fylgjande moment:

- Ein fleirbrukshall bygd på tradisjonelt vis, ligg i det prisleiet formannskapet av slo i F-sak 198/16, sjå nedanfor under kostnadsalkyler. Skal ein fleirbrukshall realiserast til ein lågare kostnad, må ein nytte alternativ og billigare byggemetodikk som samstundes avgrensar prosjektet reint byggtknisk. Ein fleirbrukshall bygd med sandwich-element på stålkonstruksjon kan såleis ikkje nyttast direkte som støtte inn mot eksisterande veg eller terreng, men må sikrast gjennom etablering av støttemurar på dei aktuelle sidene.

- Ein sandwich-hall vil redusere dei arkitektoniske kvalitetane til eksisterande skulebygg. Dette kan ein kompensere gjennom fasadetiltak på hallen, eller ytterlegare ved å flytte heile hallen til den bakanforliggande SFO-tomt. På denne måten unngår ei arkitektonisk konflikt mellom hall og eksisterande bygg.
- Plasseringa er også positiv med tanke på at Einedalen skule i løpet av eit 60-års perspektiv bør vere tilrettelagt for ei eventuell utviding av undervisningsarealet. Då er området ved personalinngang best eigna til dette, dels fordi dette er den einaste staden ein kan etablere eit tilbygg over 2 etasjar i tillegg til at arealet funksjonelt ligg nær teknisk areal, fellesareal og administrasjon.
- Einedalen skule ynskjer å samla uteaktiviteten for elevane på framsida av skulen, ved leikeapparat og ballbinge. Det areal som fleirbrukshallen vert foreslått utbygd på, er med andre ord ikkje eit uteareal skulen ynskjer å prioritere for elevane sine. Derimot ynskjer skulen å behalde arealet ved personalinngangen som aktivitetsareal for elevane på vinterstid.
- Det grusa arealet ved personalinngangen utgjer i tillegg eit kjærkome areal for ekstra parkering i samband med større arrangement ved skulen.

Forslaget inneber også nokon ulemper:

- Brukarane av hallen er skal parkere på eksisterande parkeringsplassar ved skulen. Erfaringsmessig inneber dette at brukarar køyrer til døra og parkerer langs vegen. Dette vil fyrst og fremst vere eit problem etter skuletid og på vinterstid med tanke på snørydding. Ytterlegare parkeringsplassar kan eventuelt etablerast ved hallen på eit seinare tidspunkt.
- Ein hall vil rage nærmare 10 meter over terreng, noko som kan verte dominerande. Hallen sitt dominerande inntrykk kan reduserast gjennom tilpassing av fasaden i tillegg til at eksisterande uteareal med furuskog kan nyttast for å skjerme skulen sitt uteareal delvis mot fronten av hallen.

Utbyggingsalternativ 3 – fleirbrukshall 25 x 45 m.

Utbyggingsalternativ 3 omhandlar bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m.

Dette hallalternativet er det tilrådde og normale alternativet for fleirbrukshallar i dag. Det er få eller ingen funksjonelle forskjellar samanlikna med hallen på 23 x 44 m. utover at sikkerheitssona rundt speleflata er større. Dette aukar også det samla utbyggingsarealet og den samla utbyggingskostnaden.

Tilrådinga om lokalisering er den same som for utbyggingsalternativ 2.

* * *

Ein enkel fleirbrukshall utan andre fasilitetar enn ei speleflate på 20 x 40 m. for handball, stettar ikkje krava til tippemiddelfinansiering. Det same gjeld for ein fleirbrukshall på 16 x 24 m.

* * *

Det er ikkje stilt krav om tribunefasilitetar i verken gymsal eller fleirbrukshall. Likevel er ikkje dette vurdert som det vesentlege kostnadsdrivande eller kostnadsbesparande elementet i eit hallprosjekt, men derimot ei praktisk utnytting av det arealet som er tilgjengeleg i volumet over påkravd materiallager og eit gode for hallen sin funksjon og bruk. Tribunefasilitetar er såleis tilrådd av departementet for hallar av alle storleikar og ligg inne med ein tilrådd kapasitet på 300 sitteplassar i Handballforbundet sin prosessomtale for bygging av fleirbrukshallar.

Bergsøy idrettslag - handball stiller ikkje krav om tribuneanlegg, då hallen er tenkt nytta som treningsarena. Einedalen skule har derimot meldt behov for scenefunksjonalitet til sine arrangement, noko vi har teke omsyn til gjennom eige lager for flyttbar scene i tillegg til at vi tilrår at fleirbrukshallen vert prosjektert og utbygd slik at tribune kan etablerast på seinare tidspunkt.

* * *

Vi har for alle alternativ føresett at prosjektet ikkje utløyser krav om nye parkeringsplassar, då hallen primært vert nytta av skulen i skuletida. Andre brukarar kan nytte skulens parkeringsplassar utanfor ordinær undervisningstid.

Herøy kulturhus og idrettshall - fleirbrukshall

Som eit alternativ til ein gymsal eller fleirbrukshall ved Einedalen skule, det vurdert i kva grad det er mogleg å utvide fleirbrukshalltilbodet ved Herøy kulturhus og idrettshall, jf. Formannskapet sitt vedtak i F-sak 51/17.

Ein fleirbrukshall kan stette behova for både skulen og idrettslaget og nyttiggjere seg eksisterande parkeringsplassar og garderobar. Dette reduserer arealbehovet samanlikna med ein frittstående hall, samstundes som prosjektet kan utløyse behov for ombygging av eksisterande bygg for å sikre logistikk og eventuell utvida garderobekapasitet. Samstundes har Sektor Oppvekst påpeikt at ein slik hall ikkje er ønskeleg for Einedalen skule då det vil innebere fortsatt busstransport for elevar i tillegg til at ein ikkje får nytte hallen til andre skuleaktivitetar på same måte som ein hall ved skulen vil gjere.

Det er vurdert om hallen kan plasserast mellom hovudinngangen til Kulturhuset og hovudinngangen til Sunnmørsbadet. Denne plasseringa legg best til rette for å utvikle eit godt samspel mellom eksisterande og ny hall, sikre god bruk av garderobefunksjonar og andre fellesfunksjonar (inngang, vestibyle, toalett). Samstundes medfører storleiken på hallen at hovudinngangen til kulturhuset må byggast om. Hallen vil også verte ruvande og dominerande i forhold til eksisterande veg- og parkeringsplass og hovudinngang til Sunnmørsbadet Fosnavåg. Tomta har tidlegare også vore tiltenkt eit framtidig bibliotek.

Ei alternativ lokalisering som reduserer ovannemnde ulemper, er at hallen vert plassert i forlenginga av eksisterande festsal. Ei slik plassering kan redusere det dominerande inntrykk gjennom delvis tilbakefylling av terreng mot Lisjebøvegen og avkøyrsløse til Kulturhuset. Samstundes vil ein slik hall redusere eller kanskje til og med øydelegge dagslys og funksjonalitet for Kulturskulen, som er plassert i underetasjen ut mot denne tenkte plasseringa. Dagslys på arbeidsplassen vil

dermed truleg kome under Arbeidstilsynet sine krav, og kan medføre pålegg om andre lokale. I tillegg forsvinn parkeringsplassane som vert nytta, ikkje berre for tilsette, men også i samband med konsertar og framsyningar i scenesalen nede. Ein kan alltid seie at folk kan parkere på den store parkeringsplassen og gå rundt, men dette vert eit stykke å gå og dermed ei ulempe.

Dersom talet på parkeringsplassar må utvidast, kan ein enkelt utvide det området som i dag er grøntareal og utan anna funksjon enn å tappe driftsbudsjettet for midlar til grøntstell. Dersom garderobekapasiteten må utvidast, kan eksisterande teknisk areal i underetasjen på kulturhuset byggast om til nye garderober. Dette føreset flytting av teknisk rom til nytt teknisk areal på tak til eksisterande hall eller ny fleirbrukshall.

Kostnadskalkyle

Det er utarbeidd kostnadskalkyler for dei ulike prosjektalternativa. Kalkylane byggjer på oppdaterte tal frå Norsk Prisbok, utarbeida av Norconsult AS, og basert på statistikk frå ferdigbygde prosjekt.

Kalkylane tek ikkje omsyn til eventuell prisstigning fram til byggestart.

Kalkylane må sjåast i samanheng med tilsvarande kalkyler for «enkle fleirbrukshallar».

Einedalen skule - gymsal – 16 x 20 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	20 253 077,-
- MVA	3 583 615,-
Byggekostnad eks. MVA	16 668 462,-
- Tippemiddelfinansiering	0,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	16 668 462,-
- RDA-finansiering	0,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	16 668 462,-

Einedalen skule - fleirbrukshall - 23 x 44 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	63 340 500,-
- MVA	11 210 708,-
Byggekostnad eks. MVA	52 129 729,-
- Tippemiddelfinansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	45 129 729,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	38 129 729,-

Einedalen skule - fleirbrukshall - 25 x 45 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	66 300 710,-
- MVA	11 734 639,-
Byggekostnad eks. MVA	54 566 071,-
- Tippemiddelfinansiering	- 10 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	44 566 071,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	37 566 071,-

Samanlikna med førre handsaming av byggeprogram for fleirbrukshall ved Einedalen skule, så er kalkylen for ein fleirbrukshall stor 23 x 44 m på kr. 52 129 792,- eks. mva. Kalkylen på om lag kr. 42 mill. i førre runde er feil og skuldast feilkalkulering i kombinasjon med nye krav til usikkerheitsavsetning mm i Norsk Standard. Oppdaterer vi kalkylen for den største hallen, aukar kostnaden frå om lag kr. 53 mill. i september 2016 til kr. 54 566 071,- eks. mva. i august 2017 slik at differansen mellom dei to alternative fleirbrukshallane er på brutto kr. 2,4 mill.

Nettokostnaden for Herøy kommune må ta omsyn til pårekneleg spelemiddelfinansiering. Vi har i kalkylane for fleirbrukshallar føresett maksimal spelemiddelfinansiering og RDA-finansiering. Som kalkylane då viser, fører ikkje nødvendigvis kostnadsreduksjonen ved å redusere hallen frå 25 x 45 til 23 x 44 til ein netto gevinst fordi tippemiddelfinansieringa også vert redusert frå maksimalt 10 mill. til 7 mill. Ein fleirbrukshall på 25 x 45 m. er såleis kalkulert til å koste Herøy kommune om lag 0,5 mill. mindre enn for ein hall på 23 x 44 m. Dette skuldast tippemiddelfinansieringa.

Gymsal kvalifiserer verken til RDA eller tippemiddelfinansiering.

* * *

I tillegg til det som er nemnt over, er det utarbeidd kalkylar for bygging av ein fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall.

Herøy kulturhus og idrettshall - fleirbrukshall – 23 x 44 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	51 879 514,-
- MVA	9 182 215,-
Byggekostnad eks. MVA	42 697 299,-
- Tippemiddelfinansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	35 697 299,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	28 697 299,-

Herøy kulturhus og idrettshall - fleirbrukshall – 25 x 45 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	55 810 000,-
- MVA	11 162 000,-
Byggekostnad eks. MVA	44 648 000,-
- Tippemiddelfinansiering	- 10 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	34 648 000,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	27 648 000,-

Kalkylane omfattar ikkje naudsynt ombygging av Herøy kulturhus og idrettshall. Kalkylene føreset også at garderober og anna fellesareal i Herøy kulturhus vert nytta også for den nye fleirbrukshallen.

Særleg om «enkle» fleirbrukshallar

I tillegg til ovannemde byggeprogram og kalkyler, er det innhenta kalkylar for det som har blitt omtala som «enkle» fleirbrukshallar.

Omgrepet «enkel» fleirbrukshall er ikkje dekkande for det som i realiteten er fleirbrukshallar med anna byggemetodikk enn den tradisjonelle, men som likevel stettar krava både til Teknisk forskrift og tippemiddelfinansiering, sjå prenta vedlegg 5 som eksempel.

Leverandøren i eksempelet ovanfor har samarbeidd med Norges Handballforbund om å utvikle ulike variantar og har i møte presentert ulike alternativ for hallutbygging. Alle alternativa kvalifiserer til tippemiddelfinansiering for hallar oppført i stålkonstruksjon med sandwich-element.

Fleirbrukshall – 23 x 44 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	37 980 000,-
- MVA	7 596 000,-
Byggekostnad eks. MVA	30 384 000,-
- Tippemiddelfinansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	23 384 000,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	16 384 000,-

Fleirbrukshall – 25 x 45 m.	Kalkyle
Byggekostnad inkl. MVA	40 200 000,-

- MVA	8 040 000,-
Byggekostnad eks. MVA	32 160 000,-
- Tippemiddelfinansiering	- 10 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering	22 160 000,-
- RDA-finansiering	- 7 000 000,-
Byggekostnad eks. MVA, inkl. tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering	15 160 000,-

Som tala illustrerer, er det mogleg å bygge enklare fleirbrukshallar til ein vesentleg redusert pris samanlikna med tradisjonell byggemåte. Men byggemetoden – med prefabrikkerte sandwichelement på stålkonstruksjon – medfører ein reduksjon i arkitektonisk kvalitet, men redusert total kostnad. I tillegg medfører metoden at bygget må tilpassast tilgrensande terreng og bygg på ein anna måte enn tradisjonelle bygg. Vi viser til utgreinga ovanfor under Einedalen skule for detaljar kring dette.

Finansiering

Finansiering av ovannemnde prosjekt varierer med type prosjekt:

Gymsal

Bygging av ein gymsal kvalifiserer ikkje til tippemiddelfinansiering eller RDA-finansiering, slik at her vert utgangspunktet kommunalt låneopptak med momsrefusjon.

Fleirbrukshall

Bygging av fleirbrukshall, kan kvalifisere til både tippemiddelfinansiering og RDA-finansiering dersom prosjektet stettar dei krava som vert stilt for dette.

Fleirbrukshall kvalifiserer også til momsrefusjon under føresetnad av at kommunen er byggherre og driftar av bygget og det er tilgjengeleg for alle, etter søknad til kommunen, utan særskilt vederlag for bruk.

Samanfatning

Samanfatningsvis er såleis tilstanden som fylgjer:

1. Ein gymsal stettar skulens behov, men stettar ikkje krava som Bergsøy idrettslag har til ein handballhall. Ein fleirbrukshall stettar både skulen og handballen sitt behov, føreset minimum 23 x 44 m. storleik på hallen.
2. Ein gymsal stettar krava til momskompensasjon medan ein fleirbrukshall også kan utløyse RDA-midlar og tippemidlar.
3. Lokaliseringa er viktigare for skulen enn for handballgruppa. Kommunalsjef Oppvekst og Einedalen skule sjølv, er klare på at eit halltilbod ved kulturhuset er mindre tilrådeleg enn ein hall ved skulen sjølv. Ein fleirbrukshall ved Einedalen vil tene skulen sitt behov for gymsal og forsamlingslokale og handballen sitt behov for ein supplerande treningsarena.
4. Ein fleirbrukshall ved Kulturhuset vil tene både skule og handball, men påfører samstundes Einedalen skule driftsmessige ulemper (m.a. skyss) som i sum

taler for at hallen vert plassert ved Einedalen. Ein hall ved Kulturhuset vil også verte vanskeleg å realisere med tanke på området sitt totale arkitektoniske uttrykk i tillegg til at ei eventuell plassering her kan øydelegge for tidlegare tenkte bibliotekplanar og eventuelt også for eksisterande kulturskulelokale dersom hallen vert plassert i forlenging av festsalen.

5. Ei kombinert løysing med bygging av gymsal ved Einedalen og ein fleirbrukshall ved kulturhuset medfører høgre totalkostnad for kommunen. I tillegg vert det allereie, isolert sett for Kulturhuset, vurdert som vanskeleg å etablere eit godt totalprosjekt her med dei økonomiske rammer som er gitt.
6. Byggemetodikk påverkar både kostnadsbiletet og lokaliseringsspørsmålet. Ein hall basert på stålkonstruksjon og sandwich-element er billegare enn ein hall bygt på tradisjonelt vis, men medfører samstundes arkitektoniske avgrensingar og utfordringar i høve plassering på tomt.

Vurdering og konklusjon:

Kapasiteten ved Herøyhallen er sprengt og ein supplerande treningsarena er viktig for idretten si vidareutvikling. Like viktig er Einedalen skule sitt behov for ein gymsal som også kan nyttast til andre aktivitetar, m.a. arrangement og avlasting for SFO.

Då fleirbrukshallar kan byggast teknisk annleis og billegare og likevel stette både tekniske krav i lov og forskrift og funksjonelle krav for tippemiddel, tilrår rådmannen at ein arbeider vidare med ein fleirbrukshall på 25 x 45 m. med dei fasilitetar som er naudsynte for maksimal tippemiddelfinansiering.

Rådmannen tilrår hallen plassert ved Einedalen skule. Ein fleirbrukshall ved Einedalen skule stettar både skulen og andre brukarar sitt behov, og då særleg handball.

Rådmannen har vurdert om lokalisering av fleirbrukshall ved Einedalen bør utsettast til ein tilbodskonkurranse er gjennomført og det ligg føre alternative tilbod på plassering ved SFO og plassering ved personalinngangen. Men dette vil auke totalkostnaden då ein for å sikre gode tilbod bør dekke tilbydarane sine kostnadar med eit beløp, på same vis som ein gjorde ved prekvalifisering og val av tilbod for bygginga av sjølve skulen.

Eg har kome til at argumenta for å legge hallen til uteområdet ved SFO er så gode at eg vil tilrå denne lokaliseringa. Det er heller ikkje grunn til å tru at det vil verte særlege kostnadsforskjellar på dei to alternativa.

Tilrådinga er drøfta med Einedalen skule og Bergsøy idrettslag som er samde i tilrådinga.

Rådmannen rår kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for ein fleirbrukshall ved Einedalen skule.


Dersom kommunestyret godkjenner byggeprogrammet og lokaliseringa, vil den vidare framdrifta i prosjektet avhenge av budsjettprosessen og vedtaket av budsjett- og økonomiplan for 2018 til 2021.

Fosnavåg, 08.08.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



HERØY KOMMUNE

EINEDALEN SKULE

Gymsal

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i følgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT			
Programfase	Prosjekteringsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet for eit byggeprosjekt og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.


Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfølgjande prosjekteringsfase, byggefase og garantifase.

Einedalen skule opna i 2010 som barneskule for 230 elevar frå 1. til 7. trinn samt SFO.

Prosjektet omhandler bygging av ein gymsal med speleflate 12 x 20 m ved skulen.

Hallen skal plasserast ved dagens personalinngang og byggast saman med skulen. Gymsalen skal samstundes fungere som ei sjølvstendig brukseining ved sidan av og utanfor ordinær skuledrift.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomene vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane ved skulen.

NABOLAG

Eigedomene grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Utbyggingstomtane vart grusa og planerte ved utbygginga av Einedalen skule. Vi kan ikkje dokumentere grunnforholda utover dette.

ATKOMST

Atkomst til prosjektet etablerast via eksisterande hovudatkomst til Einedalen skule.

PARKERING

Gymsalen er primært meint for skulens eigen bruk. Etter skuletid kan andre brukarar nytte eksisterande parkeringsplassar.

BEBYGGELSE

Gymsalen skal byggast som eit tilbygg til Einedalen skule, med eigen hovudinngang på bakkeplan i området ved dagens personalinngang.

Bebyggelsen skal plasserast og utformast slik at ein ved eit seinare byggetrinn kan utvide gymsalen til ein fleirbrukshall.

Gymsalen skal samanbyggast med skulen slik at ein kan bevege seg innandørs mellom skulen og gymsalen via dagens personalinngang.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Gymsalen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig. Det er viktig at utsiktsforhold og innslepp av dagslys til skulens fasade aust vert ivareteke på best mogleg vis.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Gymsalen skal kunne nyttast sjølvstendig og uavhengig av skuledrifta.

REFERANSEMATERIALE

Byggherre har særleg teke utgangspunkt i Byggforsk sine byggdetaljblad 341.706 og 379.201 i planlegginga. Likeins har ein vurdert byggeprogrammet opp mot rettleiar frå kulturdepartementet til planlegging og bygging av idrettshallar samt gjeldande kvalifikasjonskrav for tippemidlar.

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevst for prosjektet.

6.2 GYMSAL - 12 x 20 m.

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	240	240	Speleflate 12 x 20 m. Netto innvendig fri takhøgde minimum 5 meter. Moglegheit for mørklegging av rommet.
Materialrom	01	48	48	Felles materialrom for hallen.
Garderobe - dame	01	22	22	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - dame	01	15	15	
Toalett - dame	01	02	02	
Garderobe HC - dame	01	10	10	
Lærargarderobe	01	10	10	Garderobe, dusj og toalett.
Garderobe herre	01	20	20	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - herre	01	15	15	
Toalett - herre	01	02	02	
Garderobe HC - herre	01	10	10	
Lærargarderobe	01	10	10	Garderobe, dusj og toalett.
SUM NTA	-	-	404	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	50	50	VVS, sprinkler og IKT
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinholdssentral	01	12	12	Utslagsvask, slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Lager	01	10	10	Reinhold.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		99	-

ATKOMST & LOGISTIKK


Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	For bruk utanfor ordinær skuletid.
Publikumstoalett HC	01	06	06	
SUM NTA		-	06	-

UTANDØRS


Prosjektet utløyer ingen særskilde krav utandørs då eksisterande atkomst og parkering også skal tene dette prosjektet,

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSLTERNATIV	NTA	BTA
Gymsal	509	662

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.



HERØY KOMMUNE

EINEDALEN SKULE

Fleirbrukshall

BYGGEPROGRAM

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfaser:

BYGGEPROSJEKT			
Programfase	Prosjekteringsfase	Byggefase	Garantifase

Byggeprogrammet er det sentrale byggherredokumentet for eit byggeprosjekt og beskriv funksjonar, arealramme og andre overordna føringar for prosjektet.

Byggeprogrammet er såleis eit bestillings- og styringsdokument for Herøy kommune i etterfylgjande prosjekteringsfase, byggefase og garantifase.

Einedalen skule opna i 2010 som barneskule for 230 elevar frå 1. til 7. trinn samt SFO.

Alternativ 1

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 23 x 44 m. ved skulen. Hallen skal stette skulens krav til gymsalfunksjonar samstundes som den skal fungere som ei sjølvstendig treningsarena utanfor ordinær skuledrift.


Fleirbrukshallen skal stette krava knytt til treningsarena for handball, men skal ikkje nyttast som kamparena. Det er difor ikkje lagt opp til tribunefasilitetar for anlegget.

Alternativ 2

Prosjektet omhandler bygging av ein fleirbrukshall med speleflate 25 x 45 m. ved skulen. Hallen skal stette skulens krav til gymsalfunksjonar samstundes som den skal fungere som ei sjølvstendig treningsarena utanfor ordinær skuledrift.

Fleirbrukshallen skal stette krava knytt til treningsarena for handball, men skal ikkje nyttast som kamparena. Det er difor ikkje lagt opp til tribunefasilitetar for anlegget.

Herøy kommune organiserer sine byggeprosjekt slik:




INFORMASJONSFLYT

All informasjonsutveksling mellom ansvarleg prosjekterande, ansvarleg utførande og kommunen som byggherre vedrørende prosjektet skal gå via prosjektleiari som kommunens byggherrerepresentant.

Prosjektleiaren koordinerer informasjonsflyten vidare mot eigedomsforvaltar, den tenesteytande avdeling og andre brukar- og interessegrupper.

Byggeprosjektet er tenkt utbygd på del av kommunens eigedom gnr. 24 bnr. 74:



Byggherren har valt to alternative plasseringar av hallen.

REGULERINGSPLAN

Reguleringskart og føresegner fyl som vedlegg 1 og 2 til byggeprogrammet.

FAKTISK BRUK

Utbyggingseigedomene vert i dag hovudsakleg nytta som uteareal for elevane ved skulen.

NABOLAG

Eigedomene grensar inntil private grunneigarar i nord, sør, vest og aust.

GRUNNFORHOLD

Grunnforhold er ikkje undersøkt.

ATKOMST

Atkomst til prosjektet etablerast via eksisterande hovudatkomst til Einedalen skule.

PARKERING

Fleirbrukshallen er primært meint for skulens eigen bruk. Etter skuletid kan andre brukarar nytte eksisterande parkeringsplassar.

BEBYGGELSE

Fleirbrukshallen skal byggast som eit sjølvstendig bygg ved Einedalen skule, med eigen hovudinggang på bakkeplan i området ved dagens SFO. Fleirbrukshallen skal alternativt plasserast på bakkeplan ved dagens personalinngang.

Ein skal ved plasseringa av bygget tilstrebe nærleik til skulen slik at hallen også kan tene skulens behov for avlastningsareal. Overbygd gangareal mellom bygga kan vere eit alternativ.

ARKITEKTONISK UTTRYKK

Fleirbrukshallen skal stå i stil med skulens arkitektur forøvrig. Plassering av hall ved dagens personalinngang må ivareta utsiktsforhold og innslepp av dagslys til skulens fasade aust best mogleg vis.

GRENSESNIITT MOT EKSISTERANDE BEBYGGELSE

Fleirbrukshallen skal kunne nyttast sjølvstendig og uavhengig av skuledrifta.

REFERANSEMATERIALE

Byggherre har særleg teke utgangspunkt i Byggforsk sine byggdetaljblad 341.706 og 379.201 i planlegginga. Likeins har ein vurdert byggeprogrammet opp mot rettleiar frå kulturdepartementet til planlegging og bygging av idrettshallar samt gjeldande kvalifikasjonskrav for tippemidlar.

FINANSIERING

Ein skal ved planlegging, prosjektering og utbygging søke å optimalisere prosjektet for sikre størst mogleg tippemiddelfinansiering.

6.1 INNLEIING

Funksjons- og arealanalyse beskriv dei funksjonar og areal som minimum krevst for prosjektet.

6.2 **ALTERNATIV 1: FLEIRBRUKSHALL - 23 x 44 M.****PRIMÆRFUNKSJONAR**

Prosjektet utløyser slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1012	1012	Speleflate 23 x 44 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Materialrom	01	98	98	Felles materialrom for hallen.
Trimrom	01	60	60	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Garderobe - dame	02	22	44	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - dame	02	15	30	
Toalett - dame	02	02	04	
Garderobe HC - dame	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.
Garderobe herre	02	22	44	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - herre	02	15	30	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.
Dom margarderobe	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.

SUM NTA	-	-	758	-
----------------	---	---	------------	---

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	50	50	VVS, sprinkler og IKT. Tilkomst utanfrå.
Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinholdssentral	01	12	12	Utslagsvask, slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Lager	01	10	10	Reinhold.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Lager	1	50	50	For stolar, bord og demonterbar scene.
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		149	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	
Publikumstolett HC	01	06	06	
Publikumstolett U	01	02	02	
Resepsjon/"kiosk"	01	20	20	Som del av hovudinngang
SUM NTA		-	28	-

UTANDØRS

Prosjektet utløyer ingen særskilde krav utandørs då eksisterande atkomst og parkering også skal tene dette prosjektet,

PRIMÆRFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Speleflate	01	1125	1125	Speleflate 25 x 45 m. Skal kunne delast i 3 like soner. Netto innvendig fri takhøgde minimum 7 meter.
Materialrom	01	98	98	Felles materialrom for hallen.
Trimrom	01	60	60	I direkte tilknytning til fellesarealet. For kondisjon- og styrketrening samt andre kroppsøvingsaktivitetar.
Garderobe - dame	02	22	44	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - dame	02	15	30	
Toalett - dame	02	02	04	
Garderobe HC - dame	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.
Garderobe herre	02	22	44	Dimensjonerande tal: 18
Dusjrom - herre	02	15	30	
Toalett - herre	02	02	04	
Garderobe HC - herre	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.
Dommargarderobe	02	10	20	Garderobe, dusj og toalett.
SUM NTA	-	-	1386	-

DRIFTSFUNKSJONAR

Prosjektet utløyer slike krav til driftsfunksjonar for drift av bygget:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Teknisk rom	01	50	50	VVS, sprinkler og IKT. Tilkomst utanfrå.


Tavlerom	01	01	01	Separat frå teknisk rom.
Reinholdssentral	01	12	12	Utslagsvask, slukbrønn i gulv. Dør slår ut.
Lager	01	10	10	Reinhold.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Lager	01	10	10	For eksterne brukarar.
Lager	1	50	50	For stolar, bord og demonterbar scene.
Avfallsrom	01	06	06	Låsbar rulleport minimum 130 cm bredde.
SUM NTA	-		149	-

ATKOMST & LOGISTIKK

Prosjektet utløyer slike krav:

FUNKSJON	Antal	Areal	Sum	MERKNAD
Hovudinngang	01	-	-	
Publikumstoalett HC	01	06	06	
Publikumstoalett U	01	02	02	
Resepsjon/"kiosk"	01	20	20	
SUM NTA		-	28	-

Estimert arealbehov er oppgitt som nettoareal (NTA) og bruttoareal (BTA):



UTBYGGINGSMØNSTER	NTA	BTA
Fleirbrukshall - 16 x 24 m.	935	1216
Fleirbrukshall - 23 x 44 m	1563	2032

Forholdet mellom nettoareal og bruttoareal er vurdert etter ein brutto/netto-faktor på 1,3. Utandørs areal er ikkje medrekna.

Flerbrukshaller 2015.

Ny type standard Flerbrukshall – 1 spilleflate.



MSO Sport/ Hugaas Entreprenør AS har i samarbeid med Norges Håndballforbund/Norges Basketball Forbund & Norges Bandyforbund utviklet en «ny» standard flerbrukshall som vi nå ønsker og informere klubber/ lag/kommuner/idrettsråd etc om i det ganske land.

Vi har bygget på «malen» som de tre overnevnte særforbund har i sin presentasjon/katalog : «Planlegging og bygging av fleridrettshaller i Norge ,okt 2014».

Hallen(e) er bygget i stål , kledd med sandwichelementer i både vegger og tak. Vi har også utviklet et nytt massivt tretak, som kan eventuelt erstattes sandwichelementene i taket.



Hallens innhold:


I tillegg til aktivitetsflaten på 45X25 m består 1. etg av et inngangsparti/ foaje/kafeteria med kjøkken og publikums toaletter, pluss heis/trapp opp til 2.etg. I tillegg 2 sett garderober ,pluss 2 dommergarderober.

Inne i selve hallen er det sekretariat, 3 store lagerrom, rom for renhold/maskiner, og et disponibelt rom/ klubblokale/møterom på over 50 m2.



2.etg:

Består av et stort galleri/mesanin med kiosk. I tillegg har vi stort oppvarmingsrom/styrkerom på over 150m2,pluss teknisk rom og 2 stk møterom på hele 27m2 og 37m2. I tillegg har vi lagt inn en enkel tribune med plass til mellom 200-300 personer.



Utstyr i hallen :

I tillegg er også følgende utstyr/inventar med i konseptet:

Lys : 750 lux ihht krav fra Kulturdepartementet.

Gulv: Kombielastisk gulv ferdig installert og oppmerket for flere idretter.

Lyd: Komplette lydanlegg/speakeranlegg for tale og musikk med trøkk.

Skillevegger: 2 stk skillevegger (motorisert), på tvers av banen, for flere treningsarealer.

Resultattavle: Digital resultattavle/multisport for flere idretter (vegg-montert).





I tillegg til fastmontert inventar levere vi også med ett sett standard håndballmål i Aluminium, som er godkjent for IHF som matchmål.

I tillegg:

-2 sett minimål for håndball

-1 sett basketkurver for match


-2 sett basketkurver på tvers av banen for trening.

-Komplett utstyr for innebandy (mål + vant/rink).

-Hylser montert/installert i gulv for volleyball & Badmintonspill.

I tillegg til vår standardmodell med en spilleflate ønsker vi her å vise noen av de andre modellene:

Flerbruk Mini-«Skoeska» enkel hall uten fasiliteter.



Enkel treningshall med spilleflate på 20X40m + sikkerhetssoner, totalt 25X45m aktivitetsflate.

Hallen størrelse er på 25m bredde og 50 m lengde. Vi har satt av 25X5m =125m² servicedel.

Her har vi satt av to enkle garderober og et lagerrom, i tillegg til en liten foaje/inngangsparti.

Vi har ikke lagt vekt på vinduer, men ønsker klubben en «penere» fasade er dette fullt mulig.



Enkel hall med for de som trenger en ekstra spilleflate/treningsflate.

Type Flå



Enkel Flerbrukshall med 1 spilleflate. Hallen har saltak form.

I tillegg til spilleflaten/aktivitetsflaten forlenges hallen med et servicebygg/garderobebygg.

Dette kan fås i både en-to og tre etasjer.

En etasje er på ca 400m². Her kan dere bla annet få 4/6 garderober-Teknisk rom-Kiosk/billettkontor-Publikumstoletter eventuelt en liten kafeteria.


I 2.etg er det plass for styrketreningsrom-aerobic rom-sosialt rom-disprom-ventilasjonsrom-klubblokale/møterom.

I 3.etg står fritt for klubbens egne ønsker av rominnhold.


Type Trondheim.

Enkel hall med 2 spilleflater .


Denne kan fås med eller uten garderober. Hallens størrelse er på 50X52m.



Ved å legge inn 7 m ekstra på den ene langsiden, har vi 4 garderober + lagerrom mm .



Vi kan også plassere en enkel tribune på kortsiden (Bak målene)



Flerbruk 2 – Standard hall med 2 spilleflater.


Denne hallen har 2 spilleflater, og har ett stort servicebygg.



Denne hallen er på 50X55m=2750m². I tillegg har vi plassert et servicebygg på 15X55m= 825m².

I tillegg til aktivitetsflaten på 50X55m, inneholder servicebygget :

6 garderober -3 lagerrom-styrketreningsrom/oppvarmingsrom-stor foaje/kafeteria-kontorer-vaktmester/billettrom-2 dommergarderober-doping/legerom.



Samme hall kan også fås med to etg servicebygg.



Andre etasjen har vi lagt inn følgende rominnhold:


**6 kontorer på hver 15m²-kantine på 30m²-3 møterom på 30 m²-Klubblokale på 65m²-
Festsal/klubblokale med kjøkken på hele 250m²-flere WC/HC**

Flerbruk 3- Standard hall med 3 spilleflater.

Samme hall, men vi forlenger hallen med 25m , sik at vi får plass til 3 spilleflater.

Aktivitetsflaten inne i selve hallen økes fra 50 m opp til 75m lengde. Samme bredde på 55m.

**Vi bruker samme servicebygg, men øker opp garderobedelen fra 6 til 8 garderobes, og øker
lagerkapasiteten opp fra 150m² til 200m²(Krav fra Kulturdep), for å få maks spillemidler.**



Flerbruk 2000- Hall med 2 spilleflater & 2000 sitteplasser.

Dette er en flerbrukshall som kan gjøres om til Elitehall ved behov.

Hallen har det lille ekstra som kreves av fasiliteter, at det kan spilles kamper på øverste nivå .



Hallens fotavtrykk er på 55X65m, totalt 3575m², mens servicedelen er på 15X55m.

Servicebygget er i to etasjer, hvor vi har plassert garderobes, flere lagerrom, styrketreningsrom etc i første etasjen.

I andre etasjen har vi flere kiosksalg, kontorer, klubblokale, egen VIP-avdeling med VIP-bokser, plass for TV/Radio produksjon, flere WC/HC. Vi har langt inn mesaniner/galleri på begge sidene av hallen for publikum.



Vi har plassert 1000 sitteplasser på hver side , på «matchdager», trekkes 1000 sitteplasser ut på hver side(teleskopsystem), slik at 2000 tilskuere kan se på kamp.



Under ser vi hallen som både treningshall og match hall.



Arenaer.



Over forslag til en flerbrukshall med 3 spilleflater, tribuner.

I tillegg har vi lagt inn en klatrehall, treningsrom/styrkerom, kafeteria mm.





Her har vi 3 fullskala treningsflater. Denne kan gjøres om til kamparena/matcharena, ved å snu matchbanen 90 grader, og trekke inn teleskoptribuner på hver langside.


Her kan vi få plass til mange tilskuere, hvis ønskelig.

I tillegg til disse standard Flerbrukshaller som vi har utviklet sammen med anleggskomiteen i Norges Håndballforbund, ønsker vi også her å presentere haller for Elite klubber.

Her har vi haller med kapasitet fra 2000-3500-5000-8000 & 15000 pers.

Se billedgalleri under





Komplett bygg fra fundament/ringmur til nøkkel i døra, ihht TEK 10 krav

Kontakt: 400 33335 eller tor@msosport.no





Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2016/646
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
19/17	Plan og byggenemnd	18.09.2017
144/17	Formannskapet	19.09.2017
111/17	Kommunestyret	28.09.2017

PROSJEKT 61604 - HOVUDBRANNSTASJON - FORPROSJEKT TIL GODKJENNING

Møtebehandling:

Prosjektleder Rolf Henning Hide møtte og orienterte.
AP v/Svein Gjelseth kom med framlegg om slikt tillegg til tilrådinga pkt. 4, etter gjennomføre prosjektet:
«som totalentreprise»
Framlegget fekk 4 røyster
Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 4 røyster.

Tilråding i Formannskapet - 19.09.2017

1. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.
2. Kommunestyret godkjenner lokalisering av prosjektet på kommunen sin grunneigedom gnr. 38 bnr. 141.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
4. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Møtebehandling:

Prosjektleder Rolf Henning Hide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Plan og byggenemnd - 18.09.2017

5. Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.
6. Kommunestyret godkjenner lokalisering av prosjektet på kommunen sin grunneigedom gnr. 38 bnr. 141.
7. Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.
8. Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.

Tilråding:

9. **Kommunestyret godkjenner forprosjekt for ny hovudbrannstasjon.**
10. **Kommunestyret godkjenner lokalisering av prosjektet på kommunen sin grunneigedom gnr. 38 bnr. 141.**
11. **Kommunestyret ber rådmannen om å søke prosjektet innarbeidd i budsjett- og økonomiplanen for 2018-2021.**
12. **Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet i samsvar med gjeldande reglement, føresett naudsynt finansiering.**

Særutskrift:

Eigedomsavdelinga v/ eigedomsleiar

Økonomiavdelinga

Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Herøy brann og redning

Hovudverneombodet

Arbeidstilsynet, Postboks 4720 Sluppen, 7468 Trondheim

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde

Vedlegg:

Prenta vedlegg

1. Arbeidstilsynet - vedtak om pålegg - 01.09.2016
2. Arbeidstilsynet - tilsvar til vedtak om pålegg - 12.12.2016
3. Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon – forprosjekt - rehabilitering og tilbygg
4. Prosjekt 61604 – Hovudbrannstasjon – forprosjekt - nybygg

Uprenta vedlegg

1. K-sak 36/16
2. F-sak 172/16
3. K-sak 204/16

Samandrag av saka:

Saka gjeld forprosjekt for rehabilitering og tilbygg til Fosnavåg driftsbasis og brannstasjon og alternativt forprosjekt for ny hovudbrannstasjon på alternativ tomt. Saka har bakgrunn i pålegg frå Arbeidstilsynet om utbetring av grunnleggjande manglar knytt til fysisk arbeidsmiljø for tilsette i Herøy brann og redning.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i K-sak 36/16 årsplan for 2016 og gjorde i den samanheng slikt vedtak, sjå uprenta vedlegg 1:

Kommunestyret ber om at det i løpet av 1. halvår 2016 vert lagt fram byggeprogram i ulike alternativ for fylgjande byggeprosjekt:

- *Einedalen skule – tilbygg fleirbrukshall*
- *Herøy ressurscenter*
- *Nedre Dragsund 2*
- *Bergsøy skule*
- *Fosnavåg driftsbasis*
- *Herøy kulturhus – framtidig bruk*

Byggeprogram for hovudbrannstasjon vart handsama i K-sak 172/16, sjå uprenta vedlegg 2. Kommunestyret gjorde slikt vedtak:

1. *Kommunestyret godkjenner byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og driftsbasis, utbyggingsalternativ 3.*
2. *Kommunestyret ber Rådmannen om å søke prosjektet innarbeida i budsjett- og økonomiplanen for 2017-2020.*
3. *Plan- og byggenemnda får mandat til å gjennomføre prosjektet på vanleg måte føresetta naudsynt finansiering.*

Utbyggingsalternativ 3 omhandlar ny brannstasjon. Det vart såleis vedteke ikkje å arbeide vidare i denne omgang med eit prosjekt som også omfatta sektor

Samfunnsutvikling si driftsavdeling eller sektor Stab si eigeomsavdeling, slik andre alternativ innebar.

Forprosjekt

Herøy kommune deler sine byggeprosjekt inn i fylgjande delfasar:

BYGGEPROSJEKT			
Programfase	Prosjekteringsfase	Byggefase	Garantifase

1*) Aksjeutbyttet frå Tussa AS vart budsjettert til om lag kr 7.095,- per aksje. Den reelle utbetalinga vart på om lag kr 8.075,- per aksje. Med 513 aksjar gir dette ein inntektsauke på om lag kr 500.000,-. Vi vel å styrke avsetjinga til disposisjonsfondet med denne summen

2*) Pleie og omsorgsavdelinga i Herøy kommune har i 2017 hatt store utfordringar knytt til ressurskrevjande brukarar. Heimetenestene tek seg av dei fleste av desse og truleg vil staten kunne refundere oss øymerka tilskott på om lag 4,0 mill kr. Dette vel vi å regulere mot kontoane 10300 Ekstrahjelp. 10900 Pensjon og 10990 Arbeidsgjevaravgift på ansvar 3247 Eggesbøtun Heimesjukepleie sjølv om kostnadane samla sett for avdelinga vil bli ein del høgare enn 4,0 mill kr.

3*) Nasjonalt fastsett tilskott til auka lærartettleik på 1-4 årstrinn vart i statsbudsjetthandsaminga i stortinget endra til eit øymerka tilskott. Midlane er fordelt i form av undervisningstimar til alle barneskulane basert på elevtal. Det skal rapporterast på om midlane er nytta til føremålet. Utgiftene kjem i form av lønn og sosiale utgifter.

4*) Herøy kommune får tildelt nasjonale vikarmidlar til vidareutdanning av lærarar. Vi har motteke kr 900.000,- for vårhalvåret og forventar å få ytterlegare om lag kr 550.000,- i hausthalvåret – totalt kr 1.450.000,-. Ordninga vert administrert av Utdanningsdirektoratet. Mykje spelar inn her, både søknad frå den einskilde lærar, tildeling av studieplass, storleiken på studiepermisjon og utbetaling av vikarmidlar. Dette er lønsmidlar som går til vikar på den einskilde skutlen der læraren på vidareutdanning arbeider og som vi får utbetalt som eit øymerka statstilskott.

5*) Herøy kommune har vedteke å busetje 23 flyktningar i 2017. Det hastar no med å få busett ei familie som kjem til kommunen i haust. Vi har ein bustad på

Frøystad, men bruken over tid har vore hard og den treng ei oppgradering bl.a kjøkken og bad. For at vi skal kunne prioritere dette arbeidet må Eigedomsavdelinga engasjerast og dei må tilførast pengar då ei slik renovering ikkje har vore planlagt og ein ikkje har midlar til dette i budsjett 2017. I samråd med flyktingavdelinga vel ein å tilrå å bruke kr 400.000,- til dette føremålet. I første omgang vel vi å dekke kostnaden frå flyktingbudsjettet der ein i 2017 vil få større inntekter enn kostnadar.

6*) Herøy kommune har no hatt si første sak med utbetaling etter Oppreisingsordninga for tidlegare barnevernsbarn, skuleheimsbarn og forsterbarn. Utbetalinga var på kr 400.000,-. Ordninga vart handsama i K-sak 99/15 og kommunen har tidlegare uttalt at midlar skulle tilførast når konkrete saker låg føre.

7*) Herøy kommune har forplikta seg med årlege utbetalningar til bl.a. idrettslag for arbeidet det utfører på idrettsbaner, turstiar etc som kommunen eig. Budsjettposten for dette har vore for lav over tid og for at Anleggs- og driftsavdelinga skal få dekt noko av dette vel ein å auke bevillinga med kr 60.000,- for 2017. Konkret gjeld saka Tjørnvåg IL og ei politisk sak frå desember 2012 som av ulike grunnar ikkje vart effektuert før i 2017 samt ei vedlikehaldsavtale for Moltu IL og grasbana på Moltustranda. Totalt betaler kommunen ut om lag kr 410.000,- i slike vedlikehaldsavtaler per år.

Det er klart at kommunen i 2017 ikkje vil få dei inntektene frå skatt og ramme som ein har budsjettert med og som ligg til grunn for budsjettbalansen. Vi har budsjettert med skatteinntekter på 275,0 mill kr medan dagens prognose tilseier skatteinntekter på om lag 260,0 mill kr. Ein reduksjon på 15,0 mill kr vil gje oss eit rammetilskott som er om lag 6,4 mill høgare enn budsjettert. Det gjer at ein, slik det ser ut no, vil få redusert dei frie inntektene med 8,6 mill kr. Dette er ein stor sum og det er nærliggande å gjere ei budsjettendring der ein tilråd bruk av disposisjonsfondet, men rådmannen vel å avvente dette til neste budsjettendringssak som kjem i november eller desember. Kanskje har vi då oppdaterte tal frå KS/departementa og kanskje har vi utsikter til meiravkastning/mindre kostnadar på finansområdet. Det er i alle fall lov å håpe.

Vurdering og konklusjon:

I denne saka har vi justert nokre kjende inntekts- og utgiftspostar.

Ved å gjennomføre desse skisserte endringane har kommunen etterkomme noko av det sentrale i føringar som staten gjer, nemleg at det skal vere best mogeleg samsvar mellom budsjett og rekneskap sjølv om budsjettstyringa nødvendigvis ikkje vil bli betra gjennom denne endringa.

Fosnavåg, 07.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/778
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/17	Kommunestyret	28.09.2017

DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGANE GNR. 5 BNR. 1 MFL. - SLUTTHANDSAMING

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.* datert 30.12.2016 med planomtale datert 31.12.2016 og føresegn datert 14.09.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunnngjeringsdato.

Særutskrift:

Siv. Ing. Svein Holmen	Postboks 319	6101 VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, pb. 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, pb. 2520	6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Postboks 2525	6404 MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat	Naustdalsvn. 1b pb. 53	6801 FØRDE
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsundvegen 6	6080 GURSKØY
Mørenett AS	Langemyra 6	6160 HOVDEBYGDA
Eva og Petter Olsen	Nystulia 136	2022 GJERDRUM

Vedlegg

- 1 Merknadar ved offentlig ettersyn
- 2 Planomtale datert 31.12.2016
- 3 Plankart datert 31.12.2016
- 4 Detaljreguleringsplan for Teigane -Tilbakemelding på spørsmål frå kommunen sendt fra Statens vegvesen
- 5 Føresegner for Teigane datert 14.09.2017

Samandrag av saka:

Detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl. har vore ute til offentlig ettersyn der det har kome inn sju merknadar. Seks merknadar frå offentlege høyringspartar inkl. Mørenett og ein merknad frå nabo til planområdet. Saka skal no opp til slutthandsaming.

Saksopplysningar:

Saka som no vert lagt fram for Formannskap og Kommunestyre gjeld slutthandsaming av ein reguleringsplan på Nerlandsøya. Dei fleste grunneigarane i planområdet har gått saman om å lage ein reguleringsplan som i stor grad samsvarar med kommuneplanen sin arealdel. Det er planlagt rorbuer, hytter og naust med tilhøyrande fellesområde og badeområde som skal vere opent og tilgjengeleg for alle.

Område er i kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig AN/FR1 (naust og fritidsbustadar) og det er planlagt mellom 30-35 nye bygg.

Det er gjennomført oppstartsmøte mellom kommunen og tiltakshavar plankonsulent 08.10.2014.

Det vart gjeve løyve til oppstart av planarbeid i Formannskapet 03.02.2015, F-sak 17/15.

Oppstart vart varsla i avis og på nett 06.02.2015 med frist for merknadar 20.03.2015. Formannskapet gjorde i møte 28.03.2017, F-sak 45/17, vedtak om å leggje planforslaget ut til offentlig ettersyn. Planforslaget vart sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 07.04.2017 - 26.05.2017.

Merknadar ved offentlig ettersyn:

I perioden planen var til høyring og offentlig ettersyn kom det inn sju merknadar frå Mørenett as, Ann-Kristin Waldal på vegne av Eva og Petter Olsen, Møre og Romsdal fylkeskommune, Søre Sunnmøre Landbrukskontor, Noregs vassdrags- og energidirektorat, Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kystverket.

NVE og Kystverket har ingen merknadar til planforslaget slik det ligg føre.

Merknad frå Mørenett AS, datert 24.04.2017:

Mørenett kjem med innspel om at det må setjast opp ny nettstasjon og foreslår plassering i området ved BFR 1.

Vurdering: Føresgna vert endra i punkt 3 med setninga *Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig.*

Merknad frå Ann-Kristin Waldal på vegne av Eva og Petter Olsen, datert 22.05.2017:

1. Innsigelse på fyllingsgrense ut i sjøen med bakgrunn i at det vil utgjøre store inngrep i fauna/fugleliv.

Vurdering: For Kvalsund er det registrert sju funn på artsdatabanken (artskart). Dette er funn av svarttrost, kjøttmeis, låvesvale, blåmeis, gråsisik, rødstrupe og alke. Felles for alle utanom alke er at dei har status som LC (livskraftig, ikkje trua). For alke er status EN(sterkt truet).

Bakgrunnen for at alke er registrert i området er at den er knytt til fiskeførekomstane i fjorden utafor. Aktiviteten på land vil ikkje ha noko direkte påverkan på denne funksjonen og potensielt negative effektar frå menneske vil i dette område vere knytt til garnbruk og dette er ein del av ein generell problematikk.

Kommunen vurderer det derfor slik at det utbygginga ikkje vil gå på bekostning av verdfullt naturmangfald.

2. Bekymret for om fylningsgraden mht. mulig konsekvens ved ekstremvær og framtidig høyere vannstand/stormflo/bølgepådriv vil påvirke vår eiendom.

Vurdering: Viser til planomtalen side 26 (punkt 7.12 ROS) for generelt om havnivåstigning og plassering av bygg i tryggleiksklasse F1 og F2.

Rådmannen kan ikkje sjå at dykkar eigedom skal verte meir utsett for ekstremvær eller framtidig høgare vannstand som følgje av denne utbygginga. Det vil vere meir truleg at dykkar eigedom vil ligge meir i le ved ei utbygging då eigedomen vil ligge meir skjerma mot nordvestleg vindretning og bølgepådriv frå Breidsundet.

3. Viser til det generelle forbudet mot bygging i 100 meters belte. Nasjonale føringer for strandsonen og statlige planretningslinjer, der det fremkommer flg; "at det i 100-metersbeltet skal tas særlig hensyn til naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I tillegg er lovfestede unntak fra forbudet tatt ut, slik at behovet for tiltak skal vurderes i plan."

4. Er så store inngrep, som beskrevet i dette forslaget i tråd med statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen?

Vurdering: Området er i kommuneplanen sin arealdel avsett til AN/FR (naust og rorbuer). Arealføremålet er såleis avklara på eit overordna plannivå og arbeidet med detaljplan er derfor ei konkretisering av arealbruken innanfor området.

Byggjeforbudet i 100-metersbeltet er eit generelt forbod som gjeld der kommunen ikkje har fastsatt annan arealbruk gjennom ein detaljreguleringsplan eller andre forhold slik det går fram av pbl. §1-8, 3. og 4.ledd. Gjennom utarbeiding av ein detaljreguleringsplan kan kommunen fastsette anna byggegrense nærmare sjøen enn 100 m.

Arealbruken er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Herøy er plassert i kategorien «kommuner med mindre arealpress» og kan såleis nytte

strandsona i vår heilskaplege utviklingsstrategi for kommunen. Utdrag frå punkt 7.2 i nemnte rettleiar:

100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal bare tillates etter en konkret vurdering ut fra lokale forhold.

I områder uten press vil det være enklere for kommunene å gi tillatelse til å bygge enn i områder der presset er stort. Det vil gi kommunene utenfor pressområdene mulighet til å inkludere 100-metersbeltet langs sjøen i sine helhetlige utviklingsstrategier. Dette innebærer at kommunene kan vedta planer som innebærer utbygging til ulike formål også i 100-metersbeltet.

5. Vi ønsker en generell utbygging med hytter og naust velkommen men er skeptisk til at dette forslaget utgjør så store inngrep i naturen og mener at en utbygging bør forholde seg til den eksisterende strandlinjen uten å fylle ut i sjø. Det er få områder igjen med naturlige sjø elementer.

Vurdering: Dette er ein del av ei heilskapleg arealplanlegging for området. Byggegrense og utfylling i sjø har vore diskutert med konsulent ved fleire høve og samla sett ser vi dette som ei naturleg avgrensing der tilgang til sjøsida vert gjort tilgjengeleg ved regulering av promenade utanfor BUN 2, SVT og BFR4

Merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.05.2017:

Automatisk freda kulturminne sjø; Bergen sjøfartsmuseum anmoder om at eldre fortøyningsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern...

Vurdering: Fortøyningsringane i «Teigevika» ligg ikkje innanfor planområdet.

Merknad frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 26.05.2017:

Vi sett krav om at jordvernet vert prioritert. Arealet som er sett av til ny FV21 må ikkje verte større enn 1 dekar fulldyrka jord slik planen viser.

Vurdering: Det er ikkje sett av meir enn 1 dekar til omlegging av FV21.

Merknad frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 30.05.2017:

1. Planområdet går noko lenger aust i sjøen enn det som er avklåra i overordna plan. Det ligg mellom anna ein liten utstikker/tange om lag midt i planområdet, som etter kommuneplanen er utanfor område sett av til AN/FR1. Ut frå kartet ser ut til at denne utgjør eit fint landskapselement, og den kan kanskje også vere eigna til ferdsel og opphald. Vi rår til at ein vurderer å ta vare på denne tungen og justere planen slik at planområdet er i tråd med overordna planverk.

Vurdering: Ved regulering av eit område må kommunen vege fleire interesser mot kvarandre. I dette tilfellet har kommunen stilt krav om fellesareal/friareal innanfor planområdet og det kravet vert sikra gjennom f_BAU og f_GB. Kommunen meiner landskapselementet som Fylkesmannen viser til ikkje vil ha ein praktisk bruk og området som vert tilrettelagt gjennom regulering vil vere meir attraktiv for fleire brukarar. Vi vil derfor tillate utbygging på den utstikkaren som fylkesmannen viser til.

2. Sidan naust og rorbuer høyrer til to forskjellige tryggleiksklassar kan det derfor vere naudsynt å stille ulike krav til trygg byggjehøgde for dei ulike tiltaka. Spesielt syns vi kravet til kote og dimensjonering av rorbuer er noko lågt.

Vurdering: Føresegna seier følgjande:

Rorbudene på BFR_1-6 kan førast opp i to etasjar med BRA inntil 80 m² der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2.etasjen er innreidd for overnatting og opphald. Dei delane av bygningane som ligg lavare enn 2,7 m over NN2000 må byggast i materiale som toler sjøvatn og bølgepådriv.

Rådmannen meiner naust og rorbuer kan plasserast på same kotehøgde då føresegna seier tydeleg at hovudetasjen i bygga har same bruk (naust/lagerformål) og at dei delane som ligg under 2,7 m over NN2000 skal tole overfløyming og bølgepådriv.

Føresegna er likevel endra til at ferdig gulv i fritidsbustadar skal plasserast på kote +3 over NN2000.

Vurderingar etter Kommunestyremøte 31.08.2017:

Tilbakemeldinga frå STV er at reguleringsframlegget som no ligg føre ikkje vil hindre ei realisering av ei framtidig vegløyising slik det er skissert i kommuneplanen.

Når det gjeld plassering av fritidsbustadar(konsentrert hyttebygging og rorbuer) er det teke inn i føresegna at ferdig gulv skal plasserast på kote +3 over NN2000

Vurderingar etter Naturmangfaldslova § 7-12

§7 prinsipp for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Ved gjennomgang av database for naturmangfald (<http://artskart.artsdatabanken.no/> og <http://kart.naturbase.no/>) ser ein at utbygging, slik det er planlagt, ikkje er i direkte konflikt med verken naturtypar, dyre- og fuglearter. Rådmannen ser derfor ikkje behov for å gjere ytterlegare undersøkingar knytt til naturmangfald. Kunnskapsgrunnlaget vurderast derfor som godt for denne saka.

For ordens skuld tek vi med at på Kvalsund(utanfor planområdet) er det registrert sju funn på artsdatabanken (artskart). Det kan sjå ut som om dette er eit «samleregistrering». Dette er funn av svarttrost, kjøttmeis, låvesvale, blåmeis, gråsisik, rødstrupe og alke.

Felles for alle utanom alke er at dei har status som LC (livskraftig, ikkje trua). For alke er status EN(starkt truet).

Kommunen har henta inn uttale frå Alf Ottar Folkestad for Norsk ornitologisk foreining for å avklare om realisering av prosjektet vil ha negative konsekvensar for dei registrert artane. Tilbakemeldinga frå Folkestad 10.08.2017 var at *referansen i fellesområde for registreringa omfattar ikkje berre landarealet, men tydelegvis også tilgrensande sjøareal i Holmefjorden og inn mot Søre-Vaulen. Funksjon for alke er her berre knytt til fiskeførekomstar i fjorden utafor, og aktiviteten på land har ikkje*

hatt noko direkte påverknad på denne funksjon. Potensielt negative aktivitetar frå menneske er evt. garnbruk i området, og det er del av ein generell problematikk.

Rådmannen vurderer det derfor slik at utbygginga ikkje vil medføre ei vesentleg forverring for tilstanden til artar, naturtypar eller økosystem i eller rundt planområdet.

§9. Føre-var-prinsippet

Sidan kunnskapsgrunnlaget vurderast som godt vil også behovet for bruk av føre-var-prinsippet reduserast.

Med bakgrunn i vurderingane som er gjort i §§ 8 og 9 kjem ikkje §§ 10 til 12 som gjeld *Økosystemtilnærming og samlet belastning, kostnad for å avgrense negativ miljøpåverknad, miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar* til bruk i denne saka.

Barn og unge

Barn og unge sine interesser er ivaretekne i planforslaget gjennom tilrettelegging for felles opphaldsplass. For både barn og vaksne vil denne utbygginga, og tilgangen til båt-og sjøliv ha ein positiv effekt. Området vil i langt større grad enn i dag vere eit attraktivt område å oppsøke.

Støy

Støy frå ein framtidig Fv.21 til Kvalsvik må vurderast når Statens vegvesen startar regulering av trase for fylkesvegen. Evt. støyskjerming mot då eksisterande bygg og areal for nye bygg må då dekkjast og av Statens vegvesen. Eksisterande vegtrafikkstøy er ikkje relevant. Einaste uynskte støy kan evt. kome frå meir tilfeldig båttrafikk.

Konklusjon:

Planmaterialet som ligg føre, er etter rådmannen si vurdering godt gjennomarbeidd og i tråd til kommunen sine krav.

Konsekvensar for drift:

Planforslaget kan medføre standardheving og utviding av eksisterande offentleg veg, Teigenesvegen.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.* datert 30.12.2016 med planomtale datert 30.12.2016 og føresegn datert 14.09.2017

Lenke til plankartet digitalt:

<https://kommunekart.com/klient/sunnmørskart?urlid=df4fd17753da49aca15957876c7ebd46>

Fosnavåg, 14.09.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Deres ref.:

Vår ref.:
2015/615-4

Arkiv nr.:

Saksbehandler:
Torill Hestholm Myklebust

Dato:
30.05.2017

Uttalelse - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentlig ettersyn

Vi viser til oversendelse datert 04.04.17 vedlagt forslag til detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5, bnr. 1 mfl..

Formål og planstatus

På vegne av grunneierne er det utarbeidet et forslag til detaljreguleringsplan for Teigane på Nerlandsøya i Herøy kommune. Planen er avgrenset og har innhold som er i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Området skal benyttes til kombinert bygge- og anleggsformål AN/FR1 for naust, rorbuer og eventuelt hytter.

Kort om Kystverkets ansvar

Kystverket er en nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsel. Etaten er et forvaltningsorgan underlagt Fiskeri – og kystdepartementet, og har det faglige ansvaret for sikkerhet og fremkommelighet i norske farvann og havner.

Kystverket skal sikre god fremkommelighet, trygg ferdsel, og forsvarlig bruk og forvaltning av farvannet, samt effektiv og sikker sjøtransport og havnevirksomhet.

Kystverket skal ivareta nasjonale interesser og føringer i blant annet:

- Lov av 17. april 2009 nr. 19 om havner- og farvann (havne- og farvannsloven).
- Ot.prp. nr. 75, (2007-2008) om lov om havner- og farvann.
- Losloven, og tilhørende forskrifter.
- Nasjonal transportplan 2014-2023 St. meld nr. 26 (2012-2013).
- Kystverkets handlingsprogram 2010-2019.
- St. meld. nr. 14 (2004-05) På den sikre siden – sjøsikkerhet og oljevernberedskap.
- St. meld. nr. 43 (1998-99) Vern og bruk i kystsonen (FKD)
- St. meld. nr. 46 (1996-97) Havner- og infrastruktur for sjøtransport (FKD)
- Kystverket – en nasjonal etat for sjøsikkerhet, beredskap og sjøtransport.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 8025 ALESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Brev, sakskorrespondanse og e-post bes adressert til Kystverket, ikke til avdeling eller enkeltperson

For å ivareta sjøsikkerheten i norske farvann, har Kystverket etablert en omfattende infrastruktur og maritime tjenester. Den fysiske infrastrukturen består av fyr, sjømerker, skilting, etablering og utbedring av farleder og fiskerihavner.

De maritime tjenestene omfatter blant annet lostjenesten, utstedelse av farledsbevis, trafikkovervåking og trafikk kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemidler, meldings- og informasjonstjenester (is-, bølge-, strøm- og vindvarsling samt navigasjonsvarsler).

Kystverket har også ansvaret for statens beredskap mot akutt forurensing, og havnesikkerhet i norske havner med internasjonal trafikk (ISPS).

Merknader

Etter det vi kan se, ligger planområdet innenfor kommunens myndighetsområde etter havne- og farvannsloven.

Tiltak i kommunens sjøområder som kan påvirke sikkerheten og fremkommeligheten, er søknadspliktig og krever tillatelse, jf. havne- og farvannsloven § 27, 1. ledd.

Kystverket har utover dette ingen merknader til planforslaget.

Med hilsen

Harald Tronstad
regiondirektør

Torill Hestholm Myklebust
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/778	
- 1 JUNI 2017	

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan Teigane gnr5 bnr14 m.fl

Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Målet med reguleringa er å legge til rette for bygging av naust og rorbuer/hytter innanfor planområdet. I gjeldande kommuneplan er området lagt ut til kombinert bygge- og anleggspåleggsmål, AN/FR1. Dette er område sett av til naust og fritidsbebyggelse (rorbuer/hytter). I tillegg strekkjer planområdet seg i nordvest litt inn på LNF-område. Utbygginga vil medføre om lag 30 – 35 nye bygg innanfor planområdet.

Natur- og miljøvern

Planområdet går noko lenger aust i sjøen enn det som er avklåra i overordna plan. Det ligg mellom anna ein liten utstikker/tange om lag midt i planområdet, som etter kommuneplanen er utanfor område sett av til AN/FR1. Ut frå kartet ser ut til at denne utgjør eit fint landskapselement, og den kan kanskje også vere eigna til ferdsel og opphald. Vi rår til at ein vurderer å ta vare på denne tungen og justere planen slik at planområdet er i tråd med overordna planverk.

Tiltaket inneber utfylling i sjø, og ein må vere sikker på at sjøbotn ikkje er forureina. Undersøkingar om sjøbotn er forureina, må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter» M-350/2015, som er tilgjengeleg på www.miljodirektoratet.no. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

Det er positivt at det setjast av eit område til badeplass innanfor planområdet, men påfyll av sand til ei kunstig sandstrand kan krevje løyve etter forureiningslova. Tiltaket er søknadspåleggsmål etter forureiningslova viss det er mistanke om at botnen har forureina sedimenter. Tiltakshavar skal alltid vurdere om etablering og vedlikehold av den aktuelle sandstranda krev løyve etter forureiningslova. Ein bør ta kontakt med fylkesmannen viss det er tvil. Relevante moment i ei slik vurdering er storleik på tiltaket og verknader sammenhalde med tilstanden til resipienten. Vi viser også til:

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Friluftsliv/Friluftslivsomrader/Soknad-om-a-etablere-og-vedlikeholde-kunstige-sandstrender/>

Vi legg til grunn at sanda som fyllast på utgjør reine masser.

Samfunnstryggleik

I plandokumenta kjem det fram at det er gjort ei konkret vurdering av kor høgt over havet bygg må plasserast for å stå tilstrekkeleg trygt mot havnivåstiging. Vurderinga konkluderer med at ei kote på 2,5 for ferdig golv er tilstrekkeleg for naust og rorbu og at alt under kote 2,72 må dimensjonerast for å tole påkjenningar ved stormflo. Vi gjer merksam på at høgda for havstiging frå DSB sin rettleiar er utan ei lokal vurdering av vind- og bølgepåslag som vil gjere den reelle høgda høgre. Vi saknar derfor ei synleggjering av kva vurderingar som er gjort for at ein har konkludert med at kote 2,5/2,72 er tilstrekkeleg for tiltaket.

Sidan naust og rorbuer høyrer til to forskjellige tryggleiksklassar kan det derfor vere naudsynt å stille ulike krav til trygg byggjehøgde for dei ulike tiltaka. Spesielt syns vi kravet til kote og dimensjonering av rorbuer er noko lågt.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung.samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 71258489

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 29.05.2017 14:53:35

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Teigane.

Fra: Systad Terje [mailto:tes@nve.no]

Sendt: 29. mai 2017 13:29

Til: postmottak

Emne: Ingen merknad til offentlig ettersyn - Detaljreguleringsplan for Teigane - Nerlandsøya - GBnr 5/14 mfl - Herøy kommune

NVE har ingen merknad til offentlig ettersyn av detaljplan for Teigane.

Med helsing

Terje Systad

Overingeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Arealplan, Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 59

E-post: tes@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 29.05.2017 08:24:42 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778

Fra: Anne-Kathrine Løberg

Sendt: 26. mai 2017 20:03

Til: postmottak

Emne: Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778

Vi sett krav om at jordvernet vert prioritert.

Arealet som er sett av til ny FV21 må ikkje verte større enn 1 dekar fulldyrka jord slik planen viser.

Helsing

Anne-Kathrine Løberg

Landbrukssjef

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Tlf. 70084670 Dir. 70084671

www.landbrukskontoret.no



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.04.2017	48138/2017/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 28 02 41	22.05.2017

Herøy kommune - detaljregulering - reguleringsplan Teigane, Nerlandsøya gbnr 5/1 mfl. - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne i sjø

Viser til punkt 5.5 i Planomtalen: 5.5 Kulturminne og kulturmiljø, jf. tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no og www.askeladden.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Ved varsel om oppstart blei det sett fram krav om arkeologisk registrering. Dette var knytt til ny trasé for fylkesveg 21, for å unngå at aktuelle areal for fylkesvegen blei bygd att. Kravet om arkeologisk registrering til denne planen er difor trekt, og vil bli knytt til fylkesvegprosjektet, når- og viss denne ein gong blir aktuell.

Automatisk freda kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Teigane gbnr. 51-1 mfl., i Herøy kommune, som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har tidligare gjennomført marinarkeologiske undersøkingar like sør for reguleringsområdet. Basert på topografien i planområdet ser me at det er et lågt potensial for funn av marine kulturminne. Me kjenner til at det skal ha vore fortøyingsringar då det har vore ankringsplass i Teigeviken, noko nord for planområdet. Me anmoder om at eldre fortøyingsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern. Museet har ingen fleire merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt friggeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

KONKLUSJON

- Automatisk freda kulturminne land; tidlegare krav om arkeologisk registrering er knyta til fylkesveg 21. og er derfor trekt.
- Automatisk freda kulturminne sjø; Bergen sjøfartsmuseum anmoder om at eldre fortøyingsboltar/ringar vert ivareteken, sjølv om dei ikkje har eit formelt vern, og viser elles til varslingsplikt ved eventuell opparbeiding.

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Nytun, tlf. 71 28 03 25

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Innsendt: 22.05.2017 20:42

Ref.nr: FSKWVY

Herøy kommune

Rådhusgata 5

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Telefon: 70 08 13 00

Telefaks: 70 08 13 01

E-post: postmottak@heroy.kommune.no

Hjemmeside: <http://www.heroy.kommune.no>

Offentlig høring - høringsvar

Innsender		
Innsender er: Privatperson		
Fornavn og ev. mellomnavn Petter Mathias	Etternavn Olsen	
Adresse Nystulia 136	Postnr. 2022	Poststed Gjerdrum
E-postadresse annkristinwaldal@gmail.com		Mobilnr. 99530223

Saken gjelder
Hvilken sak vil du uttale deg om? Detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 1 mfl.
Saksnr. 2014/778
Høringsvar Høringsvar på vegne av Eva og Petter Olsen Gårdsnr. 5 Bruksnr. 65 Seksjonsnr.7
<p>1. Innsigelse på fyllingsgrense ut i sjøen med bakgrunn i at det vil utgjøre store inngrep i fauna/fugleliv.</p> <p>2. Bekymret for om fylningsgraden mht. mulig konsekvens ved ekstremvær og framtidig høyere vannstand/stormflo/bølgepådriv vil påvirke vår eiendom.</p> <p>3. Viser til det generelle forbudet mot bygging i 100 meters belte. Nasjonale føringer for strandsonen og statlige planretningslinjer, der det fremkommer flg; "at det i 100-metersbeltet skal tas særlig hensyn til naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. I tillegg er lovfestede unntak fra forbudet tatt ut, slik at behovet for tiltak skal vurderes i plan."</p> <p>4. Er så store inngrep, som beskrevet i dette forslaget i tråd med statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen?</p> <p>5. Vi ønsker en generell utbygging med hytter og naust velkommen men er skeptisk til at dette forslaget utgjør så store inngrep i naturen og mener at en utbygging bør forholde seg til den eksisterende strandlinjen uten å fylle ut i sjø. Det er få områder igjen med naturlige sjø elementer.</p>
Med vennlig hilsen Ann-Kristin Waldal

Dokumentasjon		
Beskrivelse	Last opp dokumentasjon	Ettersendes per post

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 26.04.2017 08:04:27

Til: Brit Berge

Tittel: VS: 15/00663-15 - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

Fra: Norleif Nordal [mailto:Norleif.Nordal@Morenett.no]

Sendt: 25. april 2017 12:53

Til: postmottak

Emne: 15/00663-15 - Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

Uttale til reguleringsplan **Detaljreguleringsplan for Teigane, 2014/778:**

Mørenett reknar med dei flest bygga i denne planen skal ha straumtilkopling og då vert truleg eksisterande lavspentsnett i området for svakt og vi må føre fram høgspenkabel til området og sette opp ein ny nettstasjon. Etter det vi forstår vil det komme tilsvarende reguleringar også nord for dette området og den ny nettstasjonen bør derfor plasserast nord i reguleringsområdet. Aktuelle plasseringar kan vere i område BFR_1 eller i o_S, men det siste er vel regulert i ein mogleg framtidig veg og vil då ikkje vere aktuell.

Vennleg helsing



Norleif Nordal
Ingeniør Plan
Mørenett AS

+47 913 49 904

norleif.nordal@morenett.no

Denne meldinga er berre meint for mottakaren, og kan innehalde fortrulege opplysningar eller annan privat informasjon. Viss du får denne meldinga ved ein feil, ver vennleg å varsle avsendar og slett originalen.

Fra: ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no [mailto:ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no]

Sendt: 6. april 2017 14:41

Til: Anders.smith-ovland@mrfylke.no; ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no; post@mrfylke.no; postmottak@fmmr.no; firmapost-midt@vegvesen.no; post@kystverket.no; postmottak@fiskeridir.no; rv@nve.no; marinarkeologi@bsj.uib.no; postmottak@heroy.kommune.no; kontor@landbrukskontoret.no; Mørenett Firmapost ; camilla.storoy@heroy.kommune.no; mona-grethe.ryssevik@heroy.kommune.no; arve.moltubakk@tussa.com; smvr54@hotmail.com; ole.magne.rotevatn@heroy.kommune.no

Emne: Herøy - Detaljplan - Detaljreguleringsplan for Teigane gbnr 5/14 - Offentleg ettersyn

Denne e-posten inneheld plandokument sendt gjennom skjemaløysninga for oversending av plansaker på nettsida til Møre og Romsdal fylkeskommune.

Vi ber om at mottakar journalfører oversendinga og eventuelle vedlegg for vidare saksbehandling/dokumentasjon.

For meir informasjon om skjema for oversending av plansaker, sjå [Møre og Romsdal fylkeskommunes nettside](#).

Vedlegga for denne saka er for store for å kunne sende på epost.

Detaljregulering

TEIGANE

Gnr.5, bnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61
Nerlandsøya, Herøy kommune

Innhald:

- Samandrag
- Bakgrunn
- Planprosessen
- Planstatus og rammer
- Planområdet, eksisterande tilhøve
- Beskrivelse av planframlegget
- Verknader av planframlegget
- Innspeil ved forvarslinga
- Avsluttande kommentar
- Vedlegg:
Varslingsdokumenta
Kopi av merknadane

Oppdragsgjevar:

Eigarane
v Jon Kvalsund

Plankonsulent



Dato:
30.des. 2016

Innhald

- 1 SAMANDRAG
- 2 BAKGRUNN
 - 2.1 Målet med planen
 - 2.2 Eigedomstilhøve
 - 2.5 Krav om konsekvensutgreiing
- 3 PLANPROSESSEN
 - 3.1 Planoppstart: Medverknad, varsling
- 4 PLANSTATUS OG RAMMER
 - 4.1 Kommuneplan
 - 4.2 Tilgrensande reguleringsplanar
 - 4.4 Temaplanar
 - 4.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar
- 5 PLANOMRÅDET–EKSISTERANDE TILHØVE
 - 5.1 Lokalisering
 - 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk
 - 5.3 Stads karakter og eksisterande bebyggelse
 - 5.4 Solforhold og lokalklima
 - 5.5 Kulturminne og kulturmiljø
 - 5.6 Lokaltopografi og landskap
 - 5.7 Naturverdiar
 - 5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde
 - 5.9 Landbruk
 - 5.10 Trafikkforhold
 - 5.11 Barn sine interesser
 - 5.12 Universell tilgjengelighet
 - 5.13 Teknisk infrastruktur
 - 5.14 Grunnforhold
 - 5.15 Støyforhold
 - 5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)
- 6 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET
 - 6.1 Utfylling
 - 6.2 Reguleringsformål
 - 6.3 Omtale av dei ulike føremåla
 - 6.4 Planlagde offentlege anlegg – Fv21
 - 6.5 Universell utforming
 - 6.6 Landbruksfaglege vurderingar
 - 6.7 Kulturminne
 - 6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS
- 7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET
 - 7.1 Overordna planar
 - 7.2 Landskap og omgjevnader - Stads karakter
 - 7.4 Estetikk og byggeskikk
 - 7.5 Kulturminne og verneverdi
 - 7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova
 - 7.7 Friluftinteresser
 - 7.8 Trafikkforhold
 - 7.9 Barn sine interesser
 - 7.10 Sosial infrastruktur
 - 7.11 Universell tilgjengelighet
 - 7.13 ROS
 - 7.14 Jordressursar/landbruk
 - 7.15 Teknisk infrastruktur
 - 7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen
 - 7.17 Konsekvensar for næringsinteresser
- 8 KU
- 9 INNKOMNE INNSPEL
Gjennomgang, kommentar og konklusjon etter forvarslinga.
- 10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR
- 11: VEDLEGG:
 1. Plankart
 2. Reguleringsføresegner
 3. Referat frå oppstartsmøte
 4. Varslingsbrev
 5. ROS-sjekkliste
 6. Innspel/merknader til planoppstart
 8. Situasjonsplan (Illustrasjon)
 9. Lengdeprofil f_SKV1 (Illustrasjon)
 10. Snitt A-C (Illustrasjon)

1 Samandrag

På vegne av eigarane fremjer vi med dette detaljreguleringsplan for: Teigane på Nerlandsøya, Herøy kommune. Planen omfattar Gnr.5, brnr: 1,3,4,5,13,14,15,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61. Planen er avgrensa- og har innhald i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Området skal nyttast til kombinert bygge-og anleggsføre mål AN/FR1 for naust, rorbuder og evt hytter, og eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for slike føremål på området

2 Bakgrunn


På strekninga Teigeneset til sørøVaulen (brua) var der i 1965 i alt 16 naust og 7 sjøbuder, og dei fleste av desse byningane var knytt til matauk, transport og næring. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokaltet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp til satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå sørø Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga. Grunneigarane ynskjer å bygge naust og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) på området – dels til eige bruk men også for salg.

2.2 Eigedomstilhøve:

Desse er grunneigarar i planområdet: (sjå også eigedomskart på n s)

Gnr	Brnr	Eigar (Heimelshavar) / Postadr./ Tlf / E-Post	Areal l m ²	Areal l %
5	1	Gjelseth Janne Oddveig 6098 Nerlandsøy	199	2,2
		Gjelseth Terje John 6098 Nerlandsøy		
	4	Torbjørn Teige, Holsmyrvegen 24, 6011 Ålesund	1096	12,1
	13,14	Jorid Høydalsvik, Myrlandsvegen 11 A 6020 Ålesund	4345	48,1
	1,16	Teige Oluf Jonny og Gjelseth Janne Oddveig, 6098 Nerlandsøy	1226	13,6
	34	Teige Knut Perry Teigenesvegen 7 6098 Nerlandsøy		
37	3/8	Kvalsund Pauline Anbjørg, Koparstadvegen 9, 6098 Nerlandsøy	232	2,6
	3/8	Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
	1/32	Heggelund, Eva Teige		
	1/32	Kjernes, Anne Teige		
	1/32	Teige, Berit		
	1/32	Teige, Else Pauline		
	1/32	Teige, Gunnar		
	1/32	Teige, Magne		
	1/32	Teige, Per Arvid		
38		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	124	1,4
		Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy		
39		Kvalsund Pauline Anbjørg Koparstadvegen 9 6098 Nerlandsøy	206	2,3
40		Teige Runar Kenneth Nørgardsvegen 3 6098 Nerlandsøy	99	1,1
45		Kvalsund Gustav Teigevegen 87 6098 Nerlandsøy	147	1,6
49		Pettersen Mona Vatnevegen 4 6092 Fosnavåg	159	1,8
60		Solli Oddleif Jan Øvre Plassegjerdet 3 6098 Nerlandsøy	294	3,3
		Solli Ottar Jarle Øvre Plassegjerdet 13 6098 Nerlandsøy		
61		Teige Magne Gåsevikeveien 14 2007 Kjeller	468	5,2
		Teige Svein Kneiken 10 B 6007 Ålesund		



2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Planen samsvarer med overordna plan, og både føremål, avgrensing og tilkomst er i samsvar med kommuneplanen. Det er soleis ikkje behov for konsekvensutgreiing etter PBL§4_2. Dette vart stadfesta av kommunen i oppstartmøtet.

3 Planprosessen

3.1 Planoppstart

Vi har følgt dei vanlege reglane i PBL ved oppstart av planarbeidet

a: Oppstartkonferanse.

Desse deltok på oppstartmøtet:

Frå Tiltakshavar: Jorid og Ståle Høydalsvik (for eigarane) og Svein Holmen (Plankonsulent)

Frå Kommunen: Jarl Martin Møller og Hallvard Rusten

På oppstartmøtet la tiltakshavarane fram idéskisser til utforming av prosjektet og kommunen sine folk gjorde greie for dei kommunale føringane for arbeidet.

Referat frå møtet er vedlagt.

b: Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart annonsert ved varslingsbrev og annonse i avisa Vestlands-Nytt 14.juli 2016 med frist for innspel/merknader 1.sept -16. Varslingsannonse vart også lagt ut på Herøy kommune si heimeside. Varslingsdokumenta er vedlagte.


c: Innkomne innspel

Ved forvarslinga fekk vi inn 8 innspel. Desse er kort oppsummert, vurdert og kommentert i planomtalen. Alle innspel ved forvarslinga er vedlagte.

4 Planstatus og rammer.

Tilhøvet til eksisterande planar

4.1 Gjeldande kommunedelplan (2015):




Vår planutforming er i samsvar med kommunedelplanen for Herøy. Planområdet får avgrensning i samsvar med kommuneplanen sitt område AN/FR1. Her kan byggast naust (N) og fritidsbebyggelse (rorbuder / hytter)

Området grensar inn mot eksisterande regulerte områder i sør, og i kommuneplanen vert føremåla vurdert slik:

.... «Skildring av område: Område ligg På Kvalsund. Område ligg ved sjøen og har spreidd naust og sjøbuder på område. Terrenget består av berg og større steinar og er lite attraktivt for ålmenta. Forslaget går på å endre eit område frå naust til eit kombinert føremål med naust og fritidsbustadar. Dette er å sjå som ei vidareføring av føremålet som ligg i godkjend arealdel for Kvalsund som grensar i sør...»

4.2 Gjeldande reguleringsplanar:



PlanID:	1515_200801
Plannamn:	Kvalsund - Teige
Dato ikrafttredelse:	11.12 - 2008

PlanID:	1515_201276
Plannamn:	Kvalsund
Dato ikrafttredelse:	28.11 - 2013

Dei to gjeldande planane er tekne inn i kommunedelplanen som «vidareføring av reguleringsplan», og dette betyr vel at gjeldande regulering framleis skal gjelde. Vår plan grenser mot sør inn til Kvalsund-planen (1515_201276), og i sør-vest inn mot den framtidige omlagte Fv21 som inngår i 1515_200801

4.3 Temaplanar

Ingen kjende temaplanar med relevans for saka.

4.4 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Planarbeidet er basert på gjeldande plan- og bygningslov med forskrifter, rettleiingar samt andre aktuelle lover med forskrifter.

5 Planområdet – Eksisterande tilhøve

5.1 Lokalisering



5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Området er lite brukt no pga at det er vanskeleg å ta seg fram i fjøra (topografi / berggrunn), og at næraste sjømråda er så grunne at sjølv småbåtar har problem med tilflotet. På sørsida er areala utbygde med sjøfylling, moloar og ein god del nyare fritidsbebyggelser (rorbuder og hytter) På nordsida er der opa fjøre som i kommuneplanen er avsett til naust og rorbuder. På vestsida (ovanfor Teigenesvegen) er areala avsett til ny trasé for Fv21 mot Kvalsvika. Det visest her til ein 41 år gammal vegplan som ikkje har vore handsama eller vedteken i Herøy kommune. Vegtraséen er teken inn i den nye kommuneplanen, men den er ikkje inne på nokon prioriteringslister for Statens vegvesen.

5.3 Stadscharakter og eksisterande bebyggelse

a - Planområdet

Planområdet framstår som eit ubebygd strandområde som er nokså utilgjengeleg frå landsida og med grunnlendt og dårleg tilflot. Området er lite brukt pga vanskeleg topografi og berggrunn. Med unnatak av 3 eksisterande naust i nordenden av planområdet, samt eit gammalt og forfallent stornaust på 5/60, er området ubebygd.

b – Naboskapet

Dette krakteriserer utviklinga av sjøfronten på Teige dei siste 50 åra:

- Talet på naust / sjøbuder har auka frå 16naust/7sjøbuder i 1965 til 57naust/16sjøbuder/rorbuder i 2015
- Det meste av denne auken har kome på oppfylt areal
- Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggest ut flytebrygger for småbåtrane
- Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.

Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekks plassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger.



Dei gamle sjøhusa og nausta var tilpassa i storleik og form **etter bruk og behov....**



...medan dei nye fekk form og storleik bestemt av fastlagt regelverk

5.4 Solforhold/lokalklima

AN/FR1 ligg søraust vendt i nokså ope landskap med gode soltilhøve. Pga lokaliseringa heilt ute i havranda er området generelt hardare påverka av storm, stormflo og bølgepådriv enn stadar lengre inne i fjordane. Men området ligg bra i lé for dei fleste vindretningane. Nordvesten kan av og til skape stort bølgepådriv inn Breidsundet med avbøyging rundt Teigeneset. Då kan det ta hardt på vår lokalitet. Stundom kan også returbølger frå lgesund-sida ta hardt her.

5.5 Kulturminne og kulturmiljø

Ifølgje tilgjengelege kartbasar (www.kulturminnesok.no og www.asketadden.no) er det ingen registrerte kulturminne i planområdet. Ved forvarslinga vart det sett fram krav om arkeologisk registrering, men dette knytte seg til den nye traséen for Fv21. Denne traséen er ikkje aktuell for bygging i overskueleg tid – vi har bare fått pålegg om å ta den med for å sikre at areala ikkje vert attbygde. Kravet om arkeologisk registrering er difor trekt, og vil bli knytt til Fv-prosjektet når- og viss dette vert aktuelt ein gong i framtida.

5.6 Lokaltopografi og landskap

Planområdet er ein del av den store strandflata på sør-austsida av Nerlandsøya. Bilda på neste side skulle vere godt dekkande m.o.t topografien og landskapet som er her. Det store bildet gir oversikt, medan dei to små bilda viser den lokale topografien på planområdet.



Planområdet på sjøsida av Teiganesvegen



Eksisterende hytter og rorbuder

Steinete og vanskeleg farbar fjøre

5.7 Naturverdiar

I følge kartbasar som www.artskart.no og www.naturbase.no er det ikkje registrert spesielt sårbare- eller raudlista artar i planområdet.

5.8 Rekreasjonsverdi/-bruk, uteområde

Utanom den delen av området som er opparbeidd med naust, er det ikkje kjent at området har særleg verdi som rekreasjonsområde. Sjå bilder på forrige side.

5.9 Landbruk

I følge www.skogoglandskap.no er det fulldyrka mark på gnr/brnr 5/4 (ovanfor Teigenesvegen), medan alt arealet på sjøsida av vegen er skrin fastmark.

Den delen av vårt planområde som går inn på fulldyrka mark er arealet for framtidig Fv21.

5.10 Trafikkforhold

Planområdet skal ha tilkomst frå den eksisterande kommunale «Teigenesvegen». Her er minimal trafikk no, og sjølv med litt trafikkauke når utbyggingane i kommuneplanen er gjennomførde vil trafikkmengda vere svært begrensa. I kommuneplanen ligg ny trasé for Fv21 mot Kvalsвика inne. Denne veglina vart planlagt i 1975 og har sidan figurert som ein raud strek i kommuneplanen. Etter det vi veit er det ikkje aktuelt å gjennomføre slik omlegging av Fv21 i overskueleg tid. Vi er pålagde å ta med areal for vegline til Fv21 i samsvar med plan frå 1975 for å sikre at traséen ikkje vert attbygd. Ved evt gjennomføring av Fv-omlegginga vil nordre delen av vårt planområde måtte få tilkomst direkte frå den nye Fylkesvegen.

5.11 Barn og unge sine interesser

Planområdet er som nemnt nokså utlignegleg og ulendt og er i utgangspunktet lite nytta både av born og vaksne. Her er ingen opphaldsplassar eller «barnetrakk» som vi kjenner til.

5.12 Universell tilgjengelegheit

Planområdet er i utgangspunktet absolutt ikkje universelt tilgjengeleg. Her er berre ei steinete og ulendt fjøre som kan vere vanskeleg å forsere sjølv for vanleg førige folk.

5.13 Teknisk infrastruktur

Planområdet har vegtilknytning til Teigenesvegen.


Det lokale vassverket har leidningsnett til naboområdet i sør.

Kommunal avløpsleidning ligg i Teigenesvegen om lag midt på vårt planområde.

Området har straumtilknytning og tele- / breibanddekning tilliks med resten av Teige.

5.14 Grunnforhold - Stabilitet.

Berg-grunnen i planområdet består i følge NGU sine kartbaser (www.ngu.no) av Glimmergneis, mørk grå, middels- til grovkornet. Planområdet strekker seg litt innpå eit område med tjukk marin strandavsetning. Det er hytteområdet BFF som kjem litt innpå den marine avsetninga, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi meiner difor at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.



5.15 Støyforhold

Vegtrafikkstøy er ikkje relevant. Einaste uynskte støy kan evt kome frå meir tilfeldig båttrafikk.

5.16 Risiko og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Utarbeidd av beredskapsseksjonen, Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Oppdatert 26.02.2009

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	x	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	x	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	x	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	x	
	e	Vil skogbrann/lyngbrann i området vere ein fare for bustader/hus?	x	
	F	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endring i klima?		x ¹
	g	Er faren for radon vurdert i området?	x	
	h	Er det tatt omsyn til ein potensiell fare for radon (radonsperre)?		
	i	Anna (Spesifiser)?		

Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til oversymjing i lågare-liggande område?	x	
	d	Anna(spesifiser)?		
Verksemds-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?	x	
Brann/ulykkes-beredskap	a	Har området tilstrekkelig sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykingskjøretøy?		x
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?	x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		
Krafftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	x	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	x	
Vassforsyning	a	Er det tilstrekkeleg vassforsyning i området?		x
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	x	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatt?	x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	x	
	c	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	x	
Er området påverka/ forureina frå tidligare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	x	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	x	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv et sabotasje-/terrormål?	x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	x	

Sjekklista er gjennomgått den ___/___ - ___ av sign: _____

Dette punktet i eksisterande situasjon er litt usikkert:

x1: Stormflo – høg vass-stand og bølgepådriv, er dette lagt inn i kommunale føringar?

6 Beskrivelse av planframlegget

Bakgrunn

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt. Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Med fritidshus og naust vil turistnæringa bli styrka. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.

6.1 Sjøfylling

Berg-grunnen i planområdet (glimmergneis, mørk grå middels- /grovknet) er skifrig, oppsprukken og vanskeleg å ferdast på, og sjøen utanfor er grunn med dårleg tilflot sjølv for småbåtar. For å kunne utnytte areala på ein rekningsvarande måte må vi difor satse på å fylla opp området sopass at vi kan få tilflot med småbåtar. Vi har foreslått ein fyllingsfront ut til ca 1m djupn på middelvass-stand. Her finst ikkje detaljerte sjøkart, og vi har heller ikkje målt djupna, men ut frå flyfoto og lokalkjente sin kunnskap har vi fastlagt eit framlegg til fyllingsomfang. Dette må kanskje justerast i samband med gjennomføring av prosjektet. Fyllingsfrontane går fram av bildet nedanfor:



Raud strek på skissa viser vår fyllingsfront medan blå strek er kartverket sitt fløsmål. (NN2000)

6.2 Reguleringsføremål

Føremåla med nemning, sosi-koding, og arelastorleik:

Gruppe	Føremål etter PBL § 12-5:	Nemning	Sosi-kode	Areal
Bebyggelse og anlegg (B)	Fritidsbebyggelse - hytter konsentrert	BFK_1,2	1121	3186m ²
	BFK_1 = 2315m ²			
	BFK_2 = 871m ²			
	Fritidsbebyggelse - hytter frittliggande	BFF	1122	802m ²
	Fritidsbebyggelse - rorbuder	BFR_1-5	1122	3305m ²
	BFR_1 = 1080m ²			
	BFR_2 = 429m ²			
	BFR_3 = 375m ²			
	BFR_4 = 728m ²			
	BFR_5 = 528m ²			
	BFR_6 = 165m ²			
	Naust	BUN_1-3	1589	2668m ²
	BUN_1 = 304m ²			
	BUN_2 = 2292m ²			
	BUN_3 = 72m ²			
	Felles uteområde	f_BAU_1,2	1690	932m ²
f_BAU_1 = 773m ²				
f_BAU_2 = 159m ²				
Nærmiljøanlegg	f_BNA	1440	351m ²	
Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon	f_BAT	1169	93m ²	
Samferdsle-anlegg (S)	Felles køyreveg (internvegar)	f_SKV_1-3	2011	1186m ²
	f_SKV_1 = 757m ²			
	f_SKV_2 = 364m ²			
	(felles avkørsle til SPP og BFF) f_SKV_3 = 65m ²			
	Off. veg (Teigenesvegen)	o_SKV	2011	904m ²
	Samferdsleanlegg (grunn til framtidig Fv21)	o_S	2001	994m ²
	Parkeringsplassar	f_SPP	2082	569m ²
	Gangareal (strandpromenade)	f_SGG_1,2	2016	496m ²
	Annet vegformål – fyllingsfront i sjø	f_SVT_1,2	2018	455m ²
Annet vegformål f_SVT_3	f_SVT_3	2018	315m ²	
Grønstruktur (G)	Badeplass	f_GB	3041	670m ²
Bruk og vern av sjø og vassdrag (V)	Badeområde i sjø	f_VB	6770	2268m ²
	Friluftsområde i sjø	f_VFR	6710	753m ²
	Hamneområde i sjø	o_VHS	6220	4851m ²
SUM – heile planområdet				24.798m ²

Sjå kart som syner føremåla på n side.

6.3 Omtale av dei ulike føremåla

6.3.1 Bebyggelse og anlegg

a - Fritidsbebyggelse

Fritidsbebyggelsen i planen består av to areal med konsentrert hyttebygging (BFK_1 og 2), eit areal med tomter for frittliggande hytter (BFF) samt 5 mindre områder med rorbuder. (BFR_1-5)


Hytter:

Områda med konsentrert hyttebygging (BFK_1,2) er områder der tiltakshavar ynskjer å kjede hytter til «dobbelhytter» i kombinasjon med enkelte frittstående hytter. Kvar hytte skal ha frådelt eigedomsgrunn. For området BFK_1 er det litt uklårt kor mange hytter og kva utforming dei skal ha. Vi har difor valgt å sette utnyttingsgraden der som % BYA innanfor ei nokså romsleg byggegrense. Kvar hytte må likevel følge regelverket for BRA og høgde i føresegnene. Ved byggemelding av første hytte på BFK-1 må utbygger legge fram samla situasjonsplan for utnyttinga av heile BFK_1.

BFK_1 skal ha felles parkering på f_SPP


For BFK_2 har vi bestemt eit maksimalt antal hytter på området der hytteutforminga og storleiken vert bestemt av regelverket i føresegnene.

Byggegrensene er sett sopass romslege rundt bygga at arkitekten / utbygger kan få nokså bra spelerom innanfor regelverket.



BFF – frittliggande hytter.


BFF skal ha felles tilkomst med den felles parkeringsplassen f_SPP. PÅ BFF skal det byggast to frittliggande hytter på romslege tomter. Hyttene må byggast i samsvar med regelverket i føresegnene til planen. Hyttene på BFF skal ha parkering på eigen grunn.



Alle hyttene i BFK og BFF skal ha straum og full sanitær standard.

Rorbuder:



Det er sett av i alt 6 ulike areal for rorbuder (BFR_1-6). Rorbudene er fritidsbebyggelse som skal ha naust-/lager-funksjon i grunnetasjen og rom for varig opphald oppe.




Etter regelverket kan rorbuder ha bruksareal (BRA) inntil 80m². Grunnflata («fotavtrykket») vert då bestemt av fordelinga av bruksareal oppe/nede. Med fullt bruksareal oppe vil grunnflata på bygget bli 40m². Som modell i illustrasjonane har eg generelt teke med 46m² BRA nede og 34m² oppe. Grunnflata på bygget vert då 50m². Dette vert i siste instans bestemt av utbygger, og vi utformer derfor tomtene- og legg byggegrensene slik at arkitekten skal ha tilstrekkeleg albuerom ved utforminga.

BFR_1 Området utgjør ei eksisterande fylling med godt tilflot for småbåtar. Som vi ser på bildet frå 1965 (neste s) hadde eigaren allereide då starta fylling her. Eigaren ynskjer no å utnytte tomte til rorbuder. Det er ikkje bestemt kor mange bygg eigaren skal ha på tomte, og vi bestemmer difor utnyttingsgraden med byggegrenser og % BYA. På BFR_1 er BYA_{max} sett til 35%

BFR_2 er ei tomte der det sto eit stort naust som forsvant i storm for nokre år sidan. Naustet er med på bildet frå 1965 på n.s. Tomte er merkt m gul stipling på bildet nedanfor. Eigaren ynskjer å regulere inn ei rorbud på tomte omtrent der det gamle naustet sto. Rorbuda vil få båtutfar direkte til den opprinnelege gamle støa.






BFR_3

På BFR_3 står eit eksisterande stornaust som diverre er temmeleg prega av tidas tann. Naustet ligg til høgre på bildet frå 1965 ovanfor. Eigarane har nok mest lyst til å rive naustet og i staden sette opp moderne rorbuder på tomta. Det kunne vore aktuelt og ynskjeleg å restaurere det eksisterande naustet og bevare den ytre forma og materialbruken men med rorbud som funksjon. Buda har tradisjonell arkitektur og knytter forbindelseslinjer tilbake til opphavelig maritim arkitektur på staden. Eigarane ynskjer imidlertid nye rorbuder på tomta



BFR_4

Området skal i sin heilskap fyllast opp. Området er no overflødd på nomalflo. Eigaren ynskjer å nytte tomta til rorbuder. Vi har lagt inn kjeda buder med 2 + 3 einingar med opning mellom. Opninga er så breid at vi kjem til med bil nedanfor budene. Budene skal ha eigedomstomter. Byggegrenser og tomtegrenser er sett slik at vi kan få ein viss variasjon i forma på bygga innafor regelverket i føresegnene.



BFR_5

BFR_5 er adskilt frå BFK_1 av ein køyrbar gangveg som skal sikre biltilkomst bak rorbudene og tilkomst til badeområdet GB. Her er nytta same prinsippet som på BFR_4 med ei dobbeltbud i kombinasjon med ei frittstående. Rorbudene på BFR_5 er trekte litt lengre vekk frå tilkomstvegen pga at hyttene på naboarealet i sør nyttar sitt areal mot tilkomstvegen til uteplass. For å få tilstrekkeleg manøvreringsareal framom naustdelen av rorbudene på BFR_5 har vi difor trekt bygga litt inn på tomta.

Rorbudene på BFR_5 skal ha parkering på f_SPP.



Grenselina mellom 5/65 og 5/14 innteikna med gul stipla line (bilde t.v). Reguleringsgrensa ligg i teiggrensa. Den delen av hagekonstruksjonen som hytteeigar har lagt inn på 5/14 må fjernast. Her skal vere innkøyring til rorbudene på 5/14.


BFR_6 er eit eksisterande naust i nordenden av planområdet. Naustet som har lavare golvnivå enn nabonausta har vore stormskadd fleire ganger og har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta.

b - Naust BUN 1-3


Det er 3 områder med naustføremål i planområdet:

BUN_1 er 2 eksisterande naust på frådelte tomter. Desse nausta kan ved modernisering / oppgradering om ynskjeleg utvidast til samsvar med reglane i §4.3 c-j i føresegnene til planen.


Naustet t.v på bildet har lavare golvnivå enn dei hine, og har difor vore stormskadd fleire ganger, medan dei hine har gått klar. Naustet har vore naudreparert og er i nokså dårleg stand. Eigaren ynskjer no å rive naustet, heve golvnivået ca 1m og bygge ei ny rorbud på tomta. Tomta får nemninga BFR_6



BUN_2 er eit større område med 5 ulike eigarar som vil samarbeide om utnyttinga av arealet. Teigane er skrå og små og ligg på dels overflødd areal som er vanskeleg å utnytte separat. Eigarane vil gå saman om utfylling og klargjering av området med seinare fordeling av innvunne areal til sjøveigande tomter. Det kan plasserast inntil 9 naust på BUN_2. Desse kan ha fri formgjeving innanfor rammene i føresegnene. Nausta er tenkt som frittstående bygg med avstand ca 1,5m og med større opening om lag midt i gruppa der ein kan kome ned til sjøsida med bil. Nausta skal ha frådelt sjøveigar-tomter. Tomte- og byggegrenser er sett så stramt at hovudbildet av gruppa vert fastlagt i reguleringa, men arkitekten vil framleis ha litt spelerom til å utfolde seg og skape litt variasjon.



Teigstørrelser 5/37,38,39 og 40




Aktuell utnytting av fyllinga på BUN_2

Gnr/brnr	Oppr. Areal Tørr land	%	Areal etter fylling	% etter fylling	Tal naust
5/40	98,7m ²	14,9%	514m ²	21,9%	2
5/39	206,3m ²	31,2%	551m ²	23,5%	2
5/38	124,0m ²	18,8%	549m ²	23,4%	2
5/37	232,1m ²	35,1%	461m ²	19,6%	2
5/14			273m ²	11,6%	1

Tabellen syner arealfordeling mellom eigarane på BUN_2. Fordeling av nytt areal, kven som får mest auke etc kan vere ein nøkkel for kostnads-delninga ved fylling. Gnr 5/14 gå inn og ta sin del av kostnadane

BUN_3 er ei bitte lita tomt der det før sto ei saltebud. Her er plass til eit lite naust med grunnflate ca 35m² (7x5m). BUN_3 skal vere knytt til eksisterande bustadeigedom lenger oppe i bygda. BUN_3 skal ha parkering på f_SPP



c - Felles uteområder

f_BAU_1 skal vere felles ute- /opphaldsområde for hyttene i BFK_1 og rorbudene i BFR_5. Dette området skal vere ein samlingsplass og møteplass som ikkje kan bebyggast, men der terrenget i nokon grad kan bearbeidast slik at der vert lettare farbart. Det kan også etablerast aktivitetsanlegg som t.d felles grillplass etc som ikkje framstår som permanente anlegg. Området skal vere felleseige for eigarane i BFK_1 og BFR_5 med felles vedlikehaldsplikt.

f_BAU_2 skal nyttast som ei lita grøn opning ved enden av strandpromenaden. På området kan det ikkje opprettast permanente anlegg eller bebyggelse, men her kan etablerast beplantning og nokre kvilebenkar.

d - Nærmiljøanlegg f_BNA

f_BNA skal nyttast til felles «klubbhus» / felles møteplass for BFK_1 og BFR_6. Huset kan ha kjøken / grill og vanleg sittemøblement, men kan ikkje nyttast til varig opphald / overnatting. Huset skal ha innlagt vatn frå lokalt vassverk og avlaup til kommunalt anlegg. Grunngevinga for dette er vel helst at her er sopass mange regn- og havskoddedagar kvar sommar at det er behov for ein innadørs samlingsplass.

e - Anna tenesteyting.

Ferdig utbygd vil det bli behov for felles bossoppsamling der renovasjonsbil lett kan kome til for tømning, og også få snudd. Ved lengre ferieopphald kan det også vere behov for omdeling av post som vert mellombels omadressert hit. f_BAT ligg sentralt og lett tilgjengeleg for dei fleste i planområdet. Her kan det settast opp bygg / konstruksjon for skjerming av bossoppsamling, og det kan også settast opp felles postkasse-stativ.

6.3.2 Samferdsleanlegg:

a - Teigenesvegen / Ny trasé for omlegging av Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 . Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4(Torbjørn Teige), 5/49(Mona Pettersen), 5/45(Gustav Kvalsund) og 5/3(John Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygd.

b - Internvegane f_SKV_1-3

Internvegane f_SKV_1 og 2 er tilkomstvegar til naust- og rorbuder. Desse bygga har portar mot vegen der båtane skal takast inn, og areala mellom bygga og vegen vert utforma som trafikkareal. Dvs at heile areala inklusive internvegane framom bygga vert utforma som ei samanhengande trafikkflate. Vegen skal likevel vere markert for å sikre open ferdsle utan hindringar.


f_SKV_3 er ein felles tilkomst til BFF og SPP

c - Parkeringsplassar f_SPP

Desse parkeringsplassane skal nyttast som felles parkering til Hyttene på BFK_1 og rorbudene på BFR_5. Vi får plass til 14 P-plassar på f_SPP. Arealet ligg inntil- og er avgrensa mot reguleringsplanen for Kvalsund – Teige (Plan ID: 1515_200801), men den er i konflikt med den nye Fv-lina slik den er framstilt i planen frå 1975. I reguleringa frå 2008 er imidlertid Fv-lina lagt inn med noko avvikande trasé i høve vegplanen frå -75. I dette bildet vél vi å halde oss til reguleringa frå 2008.

d - Strandpromenade f_SGG

I kommuneplanen er det bestemt at det skal vere høve til fri ferdsel på sjøsida av naust og rorbuder i planområdet. Vi skal fylle ut området slik at vi får høve til tilflot for småbåter framom naust og rorbuder. Vi har valgt å legge ein gangveg (promenade) langs sjøkanten på dei nye fyllingane. Denne er innregulert med 2m breidde utan trapper og høgdeskilnadar. Den vil soleis kunne få Universell Standard.



Fyllingsfronten er tenkt utforma med ein gangveg ytst mot sjøkanten. På bildet til venstre er eit døme på ei slik utforming i Volda sentrum med gangveg (promenade) langs sjø-kanten på fyllinga.

6.3.3 Grønstruktur:

a - Badeområdet (landdelen GB)

Berggrunnen er oppsprukken, skifrig og svært vanskeleg å ferdast på. For at dette skal fungere som badeområde må vi jamne ut grunnen og fylle på noko sand nederst mot øvre flomål og kanskje litt utover mellom skjæra på dei grunnaste områda. Men intensjonen er å beholde litt av naturleg strandline utan vesentleg fylling. Badeområdet skal vere ålment tilgjengeleg via promenadane og internvegane.

6.3.4 Bruk og vern av sjø- og vassdrag:

b - Badeområde i sjø (f_VB)

Det kan fyllast sand på den grunne delen av VB ut til skjæret som ligg ytst på området. VB kan ikkje trafikkerast av motorgående farty. Det kan plasserast badeflåte og liknande innretningar innanfor VB. Kommunen skal godkjenne plassering av slike innretningar.

a - Friluftsområde i sjø (o_VFR)

Innanfor området er det ikkje tillate å drive verksemd eller føre opp anlegg som etter kommunen sitt skjønn er til hinder for området sin bruk som friluftsområde. Det er tillate med sjørealterte aktivitetar som bading, roing, segling/brettsegling, alminneleg ferdsel og fiske. Innanfor o_VFR kan det ikkje etablerast småbåtanlegg som t.d flytebrygger. Her vil vi på ei gitt strekning utforme fyllings-fronten med tilflot for småbåtar.


c - Hamneområde i sjø (o_VHS)

I Hamneområdet VHS er det rett til ålmann båtferdsle. Her kan etablerast småbåtanlegg, t.d flytebrygger, men for alle tiltak i sjø såsom utfylling, utlegging av flytebrygger, legging av leidningar i sjø m.m. må det søkast løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningsloven.


6.4 Planlagde offentlege anlegg – Framtidig trasé for Fv21

Teigenesvegen er ein kommunal veg som no ender ved sjøbudene på Teigeneset. Denne vegen vert influert av ein evt. ny fylkesvegtrasé som ligg inne i planen. Denne fylkesvegomlegginga som har hengt ved i det kommunale planverket i 41 år er framleis ikkje aktuell for gjennomføring i overskueleg tid, og med 5 års detaljplanperspektiv har vi difor regulert inn noverande Teigenesvegen som tilkomst til vårt planområde. Planen frå 1975 er synt på neste side med horisontal og vertikal utforming, skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen.


NR.	ENDRING-ERSTATNING	DATO.	SIGN.
		SIGN.	
		ARK.	
		SIGN. 27/II-75. P.S	
		ARK.	
F.V. 21 H.P. : KOPARSTAD-KVALSVIK		MÅLESTOKK:	
PARSELL : Kvalsvik - Teigenes		Hor. 1:1000	
		Vert. 1:200	
DETALJPLAN:		PLAN OG PROFIL	2-20-A0
		PROFIL	



Arealbruken i nordaustre enden av vårt planområde vil kome i konflikt med den nye Fv-lina dersom den skal gjennomførast i samsvar med planen frå 1975 som også er teke inn i den nye kommuneplanen. Vi må då gjere merksam på at dei eksisterande nausta på 5/4 (Torbjørn Teige), 5/49 (Mona Petterse), 5/45 (Gustav Kvalsund) og 5/3 (John-Olav Teige) vil kome i konflikt med den nye Fylkesvegen. Kommunen ynskjer likevél at vi skal ta denne lina inn i detaljreguleringa for å sikre at Fv-traséen ikkje vert attbygga.



Stign. 2.28‰



6.4 Universell utforming

Heile planområdet er sopass flatt at vi får universell standard frå P-plass til inngang på dei fleste bygga i planområdet. Gangvegen på sjøsida har små høgdeskilnadar, og ved å unngå trappetrinn og høgdeskilnadar i endene mot fellesvegane denne promenadevegen på universell standard frå parkeringsplassane.

6.5 Landbruksfaglege vurderingar

Arealet for framtidig Fv21 – o_S er den einaste delen av planområdet som går over fulldyrka mark på gnr 5, brnr 3. Omlegging av Fv21 er eit overordna og samfunnsnyttig prosjekt, og det må vel difor akseptertast at det går med noko dyrkamark. Det er ellers ikkje landbruksdrift på 5/3 no.

6.6 Kulturminne

Den einaste registreringa i Askeladden i planområdet er eit SEFRAK-registrert objekt: 0003 – 008: Naust. Dette ser ut til å vere det gamle naustet som sto på teig 5/61 – Svein og Magne Teige. Naustet gjekk med i ein storm for ein del år sidan.



6.7 Vassforsyning og avlaup – tilknytting til off. nett.

Hytter og rorbuder skal ha full sanitær standard med vassforsyning frå privat vassverk og avlaup til kommunalt nett. Spillvatn (svart- og gråvatn) skal samlast i sentralt punkt og pumpast i fellesleidning til kommunal pumpestasjon: EGS_punkt, sid 4795. Reg.dato 2014 0908. Derfra pumping til kommunalt utslepp. Prosjektering skal gjerast i samband med byggemelding, og det skal om mogløg samordnast med kloakkløysinga for Teigebogen

6.8 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Dei avbøtande tiltaka som ligg i planen i høve ROS er:

- Bygningsplassering i plan og høgd
- Krav til materialbruk som ivaretek omsynet til stormflo.

7 VERKNADER AV PLANFRAMLEGGET

7.1 Overordna planar

Planframlegget er i samsvar med overordna plan både m.o.t føremål og utstrekning.

7.2 Landskap og omgjevnader - Staden sin karakter

Landskapet endrar seg særleg pga fylling i sjø, og omgjevnadane får eit endra preg pga endra bruk.

Det som krakteriserer utviklinga av sjøfronten mellom søreVaulen og Teigeneset dei siste 50 åra er:

-Talet på naust har auka mykje – og vi har fått ein del fritidsbebyggelse (rorbuder) i sjøkanten

-Det meste av auken har kome på oppfylt areal.

-Det er bygd moloar som gir nok ly til at det kan leggast ut flytebrygger for småbåtane

-Bruken har endra seg frå næring/matauk/transport til fritidsbruk/rekreasjon/turisme.

Den gamle maritime bebyggelsen låg i tre-fire klynger på naturlege opptrekks plassar for båtane der det var livd og godt tilflot. Her var 16naust + 7sjøbuder mellom søreVaulen og Teigeneset i 1965.

Den nyare bebyggelsen har kome i tilknytting til dei gamle klyngene på nytt utfyllt areal og med moloar som har gitt ly og høve til flytebrygger. No i 2016 er det på same strekninga 57 naust og 16 rorbuder (inkl dei gamle sjøbudene) No er dei fleste av desse bygga knytt til fritidsbruk / turisme og kanskje noko heimefiske.

Turistnæringa ser ut til å dreie seg meir og meir mot opplevelsesferier der barsk natur er attraktivt.

Nerlandsøya med sin posisjon ytst i havgapet skulle soleis vere ein god turistlokalitet. Maritimt liv og båtbruk vil då vere i fokus. Kommuneplanen har teke konsekvensen av dette og legg opp till satsing på naust og fritidsbebyggelse på heile strekninga frå søre Vaulen til Teigeneset. Vårt planområde «Teigane» ligg midt på denne strekninga.

Vår utbygging vil er soleis eit nytt steg i same retninga som utviklinga har gått dei siste 50 åra.

7.3 Estetikk og byggeskikk

Vår plan legg opp til totalt 30-35 nye bygg i planområdet. Dette er stor auke på ein sopass liten stad.

Men her er det snakk om utbygging som skal gå over mange år. Grunnlaget for å kunne skape god byggeskikk er lagt i fordelinga mellom naust- og fritidsbebyggelse og orienteringa av bebyggelsen etter sjøfrontane. Mykje vil stå på den arkitektoniske utforminga av kvart einskildt bygg.

Her er mange eigarar på relativt små teigar, og kvar eigar ynskjer å få mest mogleg ut av sin teig. Dette handlar om å posisjonere seg i høve framtidig turistnæring, og skaffe seg grunnlag for framtidig utnytting av sine arealressursar.

Når det kjem til plassering av bygg er der ei grense mellom stivbeint lineær oppstabling av like bygg (slik som t.d på Jensholmen) i motsetnad til det å ha så store variasjonar i møneretning, høgde og materialbruk at plasseringa gir eit tilfeldig og rotete inntrykk.

Tradisjonell naustbygging har møneretning loddrett på strandlina unntatt på stadar der det er bratt eller hardt vérpådriv frå spesielle retningar. Her har vi lagt opp til at sjøtilknytte hus (naust og rorbuder) skal ha møneretning loddrett på sjøkanten. Vi legg også opp til at all naustbygging skal vere frittstående naust. Regelverket frå kommuneplanen om grunnflate, høgder og takvinklar er teke inn i føresegnene

7.4 Kulturminne og verneverdi

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i området.

7.6 Tilhøvet til naturmangfaldslova

Oppslag i www.naturbase.no og www.artskart.no viser at det verken i eller ved planområdet er registrert artar av forvaltningsmessig interesse. Ut frå dette konkluderer vi difor med at planlagd arealbruk ikkje kjem i konflikt med vesentlege forhold knytt til natur og miljø – jf. naturmangfaldlova §§8-12.

7.7 Friluftsinnteresser

Området er lite brukt til rekreasjon no, og denne utbygginga vil gjere sjøen tilgjengelig for fleire. Den planlagde utbygginga vil auke området sin verdi som rekreasjonsområde både på land og sjø.

7.8 Trafikkforhold

Det ligg ein uavklara konflikt i planen i og med at ny trasé for Fv21 er teke med. Dersom den nye vegen skal byggast i samsvar med vegplanen frå 1975 vil det oppstå konflikt med BUN_1 og BFR_1 i vår plan. Forbi BUN_1 vil Fv-lina gå 3-4m bak naustveggane og 2-2,5m høgre enn noverande Teigenesveg. Om ikkje anna vil det bli vanskeleg å kome seg ned frå Fv til nausta og rorbudene på BFR_1 pga høgdeskilnaden.

7.9 Barn sine interesser

For både barn og vaksne vil denne utbygginga, og tilgangen til båt-og sjøliv ha ein positiv effekt. Området vil i langt større grad enn i dag vere eit attraktivt område å oppsøke.

7.10 Sosial infrastruktur

Liten relevans utifrå arealbruk.

7.11 Universell tilgjengelegheit

Området er utilgjengeleg for rørslehemma no. Vår utbygging vil generelt gi betre tilgang til strandkanten både for rørslehemma og førige personar. Naust og rorbuder vil også kunne gjerast universelt tilgjengelege slik at rørslehemma kan kome inn som kjøparar på denne marknaden tilliks med alle andre.

7.12 ROS

Ustabile grunnforhold?

I følgje NGU sine kartbaser (www.ngu.no) ligg planområdet litt innpå eit område med tjukk strandavsetning. Det er hytteområdet BFF som vert berørt, men her er allereide bygd både vegar, hus og andre tekniske anlegg utan at det har vore insidenter som tyder på ustabile masser. Vi konkluderer difor med at det ikkje er behov for nærare vurdering av grunnstabilitet i planområdet.

Er området sårbart for stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?

I samsvar med Tek10 §7-2 ligg naust i sikkerheitsklasse F1 og fritidsbebyggelse (rorbuder/hytter) i klasse F2. Innanfor F1 er største nominelle årlege sannsynlegheit for flaum satt til 1/20 (20-års flaum) og F2 til 1/100 (100-års flaum). Rapporten «Havnivåstigning – klimatilpassing Norge», utarbeidd av DSB m.fl, har satt kotehøgda for 100-års stormflo til cote 2,72. I gjeldande kommunedelplan er det i vedtektene til nye naustområda satt krav om at alle konstruksjonar under cote 2,72 skal dimensjonert og utformast for å tole påkjenningar ved stormflo. På bakgrunn av dette er nausta og rorbudene plasserte med golvnivå på kote 2,50, og føresegnene bestemmer at bygningsdeler under cote 2,72 skal tole overfløding og stormpådriv.

7.14 Jordressursar/landbruk

Ca 1da fulldyrka mark på 5/4 vert omdisponert frå landbruk til framtidig vegareal for Fv21.

7.15 Teknisk infrastruktur

Vatn og avlaup

Inga endring som følgje av plan. Nausta skal ikkje tilknyttast VA-anlegg. Takvatn førast til terreng/sjø.

7.16 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Tiltaket vil generelt styrke grunnlaget for turistnæringa på sikt gi auka skatteinngang.

7.17 Konsekvensar for næringsinteresser

Opparbeidinga av nausta / fritidsbebyggelse vil kunne generere inntekter til lokalt næringsliv.

Tiltaket vil også kunne stimulere til auka turistnæring på lengre sikt i kommunen

8 KONSEKVENSGREIING

Tiltaket er vurdert etter forskrifta om konsekvensutgreiing i samsvar med pbl kap.4. Då både formål og avgrensing er i samsvar med overordna plan og elles utan vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn er det ikkje behov for konsekvensutgreiing. Referat frå oppstartsmøte er vedlagt.

9 INNKOMNE INNSPEL

9.1 Samandrag og kommentar:

Teigane, Nerlandsøya

Forvarsling i tida 5.feb – 20.mars 2015

Desse har kome med innspel:

- 1 - Fylkesmannen i M&R
- 2 - M&R Fylkeskommune
- 3 - Statens vegvesen
- 4 - NVE
- 5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi
- 6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige
- 7 - Svein og Magne Teige
- 8 - Åse Torgersen

Samandrag og Kommentar

1 - Fylkesmannen i M&R

- a) Viser til krav om dokumentasjon i høve naturmangfaldslova §7
- b) Naust og fritidshus må vere fysisk skilde med buffersone mellom. Bør ha opningar mot sjø
- c) Planområdet er større enn areala som er avsett til føremålet i kommuneplanen. Legg til grunn at LNF-område ikkje må bli berørt av reguleringsplanen
- d) Viser til PBL §4-3 som krev ROS-analyse. Viser til Fylkesmannen si «Sjekkliste»

Kommentar

- a) Ingen spesielle registreringar i Naturbase eller Gislink
- b) Vi tek dette til vitande
- c) Avgrensinga på området er gjort i samråd med Herøy kommune. Vi intenderer ikkje å bygge naust / rorbuder utanfor det området som er avsett til slike føremål i kommuneplanen.
- d) Slik utfyllt «sjekklister» ligg ved i utsendt oppstartvarsel.

2 - M&R Fylkeskommune

- a) Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering i samb. med off. ettersyn. Området er vurdert til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne. Tiltakshavar må dekke kostnadane med registreringa. Samla økonomisk ramme for det arkeologiske arbeidet (1 veker verk feltarbeid + etterarbeid) vil utgjere kr. 66.250,- Arbeidet bør gjerast så tidleg som mogleg i prosessen.
- b) Det er snakk om fylling i sjø, og Bergen sjøfartsmuseum vert difor kobla inn. (Sjå merknad nr 5)
- c) Oppstartvarselet er fyldestgjerdande. Ingen merknad til det planfaglege anna enn at det er ynskje om universell tilkomst på området og at det vert opna for ålmenn tilkomst til sjø.

Kommentar

- a) Vi tek dette til vitande. Undersøking vil bli tinga så snart eigarane har gjeve grønt lys. Vi har no i ettertid konstantert at arkeologiinteressene knyter seg utelukkande til areala som omfattar grunn til ny Fv21. Denne vegn er ikkje inne på nokon prioriteringslister eller budsjett og ligg evt. langt fram i tid. Vårt oppdrag er å ta arealet inn i planen for å hindre attbygging av traséen. Vi har difor fått forståelse for at arkeologisk registrering skal knytast til evt detaljplanlegging / prosjektering av Fv21 når og om den måtte kome.
- b) Bergen Sjøfartsmuseum har kome med innspel. Ingen krav om marin undersøking.
- c) Tek til vitande ynskjet om Universell Tilkomst og opning for ålmenn tilkomst til sjøen.

3 - Statens vegvesen

Statens vegvesen har ingen merknadar til varsla arbeid. Vil kome attende til detaljar og avklaringar når planframlegget ligg føre.

Kommentar

Spørsmålet om FV21 skal inn i planframlegget må avklarast, og dette må skje i planprosessen før framlegget ligg føre. Denne avklaringa må skje i samråd med kommunen. Kommunen si haldning er at traséen må takast inn i planen for å sikre areala mot attbygging. Det vert då snakk om rein flateregulering ut frå planen datert 1975 utan noko form for detaljering. Dersom vegparsellen skal inn i planen må Statens vegvesen utarbeide samla detaljplan som vi kan klippe inn i vår regulering.

4 - NVE

NVE har ingen innspel til planarbeidet

5 - Bergen sjøfartsmuseum - marin arkeologi

- a) Kjenner ikkje til kulturminne som kan bli råka i dette området. Basert på topografien i området ser BS lågt potensiale for funn av marine kulturminne. Krev ikkje undersøkingar, men oppmodar oss om å ta vare på evt. fortøyningsringar i «Teigeviken» i nordenden av området sjølv om desse ringane ikkje er formelt verna.
- b) Dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. pliktar tiltakshavaren å gje melding til museet. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Kommentar

Vi tek dette til vitande. Desse fortøyningsringane i «Teigeviken» ligg ikkje innanfor vårt planområde.

6 - Runar Teige / Pauline Kvalsund / Paul Teige

- a) Ynskjer best mogleg samla arealutnytting for teigane 5 / 37, 38, 39 og 40 uavhengig av noverande parsellgrenser.
- b) Ynskjer naustføremål m. tilhøyrande installasjonar. Ynskjer også tilrettelagt tilflot.

Kommentar

Vi noterer dette. Felles utnytting av desse teigane med noko fylling for tilflot er nok den mest rasjonelle måten å bebygge desse skrå og litt vanskelege teigane på.

7 - Svein og Magne Teige

- a) Varsler at eigarane av 5/61 ikkje er interesserte i å vere med på detaljreguleringa som skal utarbeidast for området.
- b) Krev at teigen 5/61 med sjøtilkomst så langt som privat eigedomsrett gjeld ut i sjø vert teke ut av reguleringsplanen ved vidare handsaming.

Ber om at kart og eigedomslistar vert korrigererte i samsvar med ovanstående

Kommentar

Kommuneplanen stiller krav om reguleringsplan for å kunne føre opp ny bygning i dette området. Vi får ikkje lov til å sette att «kvite flekkar» inne i eit reguleringsområde, og eigarane får heller ikkje føre opp nytt naust på tomte utan at den først er regulert, sjølv om der har stått naust før. Vi ber om at eigarane tek kontakt med Hallvard Rusten i Herøy kommune (tel. 70081371) for nærare informasjon om dette.

8 - Åse Torgersen

Gjer merksam på at gnr.5 / bnr. 25 og 35 har tinglyst rett til å nytte hovudbruket 5/3 sin landingsvór i fjøra.

Kommentar

Dette er eit privatrettsleg spørsmål som ikkje kan fastleggast i reguleringsplanen. (Så lenge landingsvoren har tilkomst frå både land- og sjøsida skulle det ikkje vere noko i vege for å

oppretthalde ein slik klausul. Dersom landingsvoren vert omarbeidd til eller etstatta av ein meir tidhøveleg landingsplass eller kai kan kanskje retten overførast til denne nye plassen?)

KONKLUSJON:

- 1) Naust og rorbuder må vere fysisk avskilde. Det må vere opninger (sjøgløtt) i rekkene.
- 2) Det kan berre førast opp bygninger på dei områda som er avmerkte til føremålet i kommuneplanen.
- 3) Det er reist krav om arkeologisk registrering. Tinging bør gjerast snarast råd i samråd med tiltakshavar som må betale for registreringa.
Kravet om arkeologisk registrering vart fråfalle då det nesten utelukkande var knytt til areala for ny Fv21. Det skal ikkje gjerast tiltak der i overskueleg tid, og kravet om registrering vil difor bli knytt til utarbeiding og gjennomføring av detaljplan for vegutvidinga.
- 4) Parsellane 5/37,38,39og40 kan utnyttast samla uavhengig av noverande parsellgrenser
- 5) Vi kan ikkje utelate 5/61 frå planen. Eigarane vert oppmoda om å ta kontakt med Hallvard Rusten i kommunen for nærare informasjon om regelverket .

10 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planframlegget er utarbeidd i samsvar med overordna plan og i stor grad tilpassa innkomne merknader. Med dette vurderer vi planframlegget som tilstrekkeleg opplyst, og klart for politisk handsaming.



Detaljregulering

TEIGANE

Gnr 5, brnr. 14 m fl. Teige, Nerlandsøya, Herøy kommune

ENDRINGAR

TEIKNFORKLARING PBL § 12-5

- 1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5 .1)
- BFR Fritidshus, Rorbuder
 - BUN Naust - sosi 1589
 - BFF Fritidshus, frittliggande hytter sosi 1121
 - BFK Fritidshus, konsentrert sosi 1122
 - BNA Nærmiljøanlegg (sosi 1440)
 - f_BAT Annen tenesteyting - returpunkt renovasjon (sosi 1169)
 - f_BAU Felles uteområde sosi 1690

2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

- f_SKV Felles køyreveg
- f_SPP Felles parkeringsplassar
- o_SKV Off. veg - Teigenesvegen
- o_S Samferdselsanlegg - areal for framtidig Fv21
- f_SVT Annen veggrunn sosi 2018
- f_SGG Gangareal - Strandpromenade sosi2016

3: GRØNNSTRUKTUR (PBL § 12-5 .5)

- f_GB Badeplass - landdelen sosi3041

6: BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

- o_VFR Friluftsområde i sjø sosi 6710
- f_VB Badeområde - sjødelen sosi 6770
- o_VHS Hamneområde i sjø sosi 6220

JURIDISKE LINER OG PUNKT

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- RpJurline - Innregulerte bygg
- RpJurline - Bygning som skal fjernast

KARTOPPLYSNIGAR

Koordinatsystem: UTM sone 22 / Euref 89

0 10 20 30 40 m

Basiskart er teikna med svak gråfarge



M = 1:1000

SAKSHANDSAMING ETTER PBL

- Oppstartkonferanse
- Forvarsling i tida: 5.feb - 20.mars 2015
- 1. gangs handsaming i planutvalet
- 2. gangs handsaming i planutvalet
- Offentlig ettersyn fra _____ til _____
- Handsaming i kommunestyret
- Kunngjering med klagefrist

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

DATO:
30.des 2016





Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/51281-6

Dykkar referanse:
2014/778

Vår dato:
08.09.2017

Herøy kommune – Gnr. 5 bnr. 1 m.fl. – Detaljreguleringsplan for Teigane – Tilbakemelding på spørsmål frå kommunen

Viser til brev av 31.8.2017 frå Herøy kommune med spørsmål knytt til framlegget til detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr 1 m.fl. i høve til ny veglinje for fylkesveg 21.

Vi forstår det slik at reguleringsframlegget for Teigane gnr. 5 bnr. 1 m.fl. er basert på arealbruken nedfelt i Herøy kommune sin gjeldande kommuneplan – arealdelen – vedteken av Herøy kommunestyre 30.10.2014.

På kommuneplankartet er det vist (med raud strek) framtidig ny veglinje for fylkesvegen. I føresegnene til kommuneplanen står det i § 3 slik: «*Nye vegtrasèar vist på arealdelen til kommuneplanen er retningsgivande.*» Veglinja er med andre ord ikkje juridisk bindande.

Vegplanen av 1975 er ikkje innarbeidd i kommuneplanen utover at framtidig trasè er vist/skissert på plankartet.

Gjennom reguleringsframlegget for gnr. 5 bnr. 1 m.fl. vert det, slik vi oppfattar planframlegget, teke høgde for ei ny framtidig veglinje for fylkesveg 21 i tråd med retningsgivande trasè vist/skissert i kommuneplanen sin arealdel.

Og i den samanheng er det i reguleringsframlegget sett av eit areal til samferdselsanlegg – arealet o_S. I føresegnene står det slik i punkt 5.5: «*o_S er parsell av framtidig areal for ny Fv21. På o_S kan det ikkje førast opp bygningar eller etablerast varige anlegg som kan vere til hinder for gjennomføring av Fv-prosjektet.*»

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Slik vi ser det vil ikkje reguleringsframlegget som no ligg føre hindre realisering av ei framtidig vegløyising som vist/skissert i kommuneplanen, men før realiseringa må sjølvstøtt nærare detaljerte vurderingar, avklaringar og tilpassingar gjerast i høve til linjeføring, tilstøytande arealbruk m.m. i samband med utarbeiding av ein heilskapleg reguleringsplan for den nye vegstrekninga/-løysinga, i samsvar med regelverket i plan- og bygningslova.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

REGULERINGSFØRESEGNER

Reguleringsplan – detaljplan

Teigane Gnr.5, brnr: 1,4,13,14,16,33,34,37,38,39,40,45, 49,60 og 61
Nerlandsøya, Herøy kommune

Plan ID: 201410

Plan dato: 31.des 2016

Sist revidert: 14.09.2017 av Herøy kommune som følgje av merknad i Kommunestyret 31.08.2017

1 - Generelt:

- 1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL av 2008.
Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet.
- 1.2 Etter at planen er godkjent er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtaler som kan hindre gjennomføring av planen.

2 - Reguleringsføresmål:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A):	Fritidsbebyggelse hytter konsentrert (1122) BFK1,2 Fritidsbebyggelse hytter frittliggande (1121) BFF Fritidsbebyggelse Rorbuder (1122) BFR_1-6 Naust (1589) BUN_1-3 Felles uteområde f_BAU_1,2 (1690) Nærmiljøanlegg f_BNA (1440) Annen tenesteyting – returpunkt renovasjon f_BAT (1169)
Samferdsleanlegg (S):	Felles køyrevog (2011) f_SKV_1-3 (internvegar) Off. veg o_SKV (2011) (Teigenesvegen) Samferdsleanlegg o_S (2001) (grunn til framtidig Fv21) Parkeringsplassar (2082) f_SPP Gangareal f_SGG (2016) (strandpromenade) Annan vegggrunn – Fyllingsfront f_SVT_1 (2018) Annan vegggrunn – Tekn. Anlegg – båtopptrekk f_SVT_2
Grønstruktur (G):	Badeplass (3041) f_GB
Bruk og vern av sjø og vassdrag:	Friluftsområde i sjø (6710) f_VFV Badeområde i sjø (6770) f_VB Hamneområde i sjø (6220) f_VHS

3 - Fellesføresegner:

- 3.1 Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet
- 3.2 Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.

- 3.3 Innanfor byggeområdet kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar og andre tekniske innretningar der det er nødvendig.
- 3.4 Vegar og tekniske anlegg innanfor eit delområde skal vere opparbeidde før det kan gjevast bruksløyve til nye bygg i det aktuelle delområdet..
- 3.5. Utfylling i sjø:
- Dei delane av byggeområda som grenser til sjø skal fyllast til sjøfront i samsvar med reguleringskartet. Fyllinga skal i front ha høgde 2m over NN2000. Ferdig golv på bygg som står på fyllinga skal golvhøgde på cote 2,5 over NN2000. Alle bygningsdelar som ligg lavare enn cote 2,7 må tole sjøvatn og stormflo / bølgepådriv.
 - Det skal vere ålment tilgjenge langs fjøra på tilrettelagt strandpromenade (f_SGG) i sjøkanten langs fyllinga i samsvar med reguleringskartet. f_SGG skal ha høgde minimum 1,9m over NN2000 og skal konstruerast slik at den toler overfløding og stormpådriv. Sjøfronten på fyllinga / strandpromenaden kan utformast slik at den kan nyttast som tilflot med småbåtar. Det er ikkje tillate med gjerde, levegg eller andre stengsler som kan hindre ferdsla langs f_SGG

4 - Bebyggelse og anlegg

4.1 – Fritidsbebyggelse – Frittliggende hytter BFF (sosi 1121)

- Området merka BFF skal nyttast til 2 frittliggende hytter
- Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda (raftehøgda v pulttak) skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m²
- Det kan førast opp eit uthus/anneks pr. hytteeining max 10m frå hytta med storleik inntil 15 m² BRA og med mønehøgde inntil 3m
- Ved byggemelding av første bygg skal det leggst fram situasjonsplan for heile BFF der plassering, storleik, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
- Hyttene i BFF skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
- Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.

4.1 – Fritidsbebyggelse – konsentrert hyttebygging BFK_1,2 (sosi 1122)

- Områda merka BFK skal nyttast til konsentrert fritidsbebyggelse - hytter.
- Utnyttingsgraden på dei ulike delfelta skal vere:
BFK_1: $BYA_{max} = 35\%$,
BFK_2: Området kan ha 3 hytter i samsvar med tomtedelinga på reguleringskartet.
- Fritidsbustadane skal plasserast med ferdig golv på kote +3 over NN2000.
- Bygga kan ha fri formgjeving og moderne materialbruk, men mønehøgda skal ikkje overstige 5,5m over topp grunnmur / fundament. Kvar hytte kan ha bruksareal (BRA) inntil 100m²
- Det kan førast opp eitt uthus / anneks pr. hytteeining inntil 10m frå hytta med storleik på inntil 15 m² BRA og med mønehøgde inntil 3m. Uthus i BFK_2 skal ikkje innreidast for varig opphald
- Ved byggemelding skal det leggst fram situasjonsplan for heile delområdet der plassering, storleik, høgde, materialbruk og utforming av uteareala skal dokumenterast og illustrerast.
- Hyttene i BK_1 og 2 skal ha full sanitær standard med avlaup til kommunalt anlegg.
- Vassforsyning skal takast frå lokalt vassverk.
- BFK_1 skal ha tilkomst frå Teigenesvegen / f_SKV2, og BFK_2 frå f_SKV1.

- j. BFK-områda skal ha ein parkeringsplass pr hytte.
BFK_1 skal ha felles parkering på området SPP, og BFK_2 skal ha parkering på eigen grunn.

4.2 – Fritidsbebyggelse, Rorbuder BFR_1-6 (sosi 1122)

- a. Rorbudene på BFR_1-6 kan først opp i to etasjar med BRA inntil 80 m² der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2.etasjen er innreidd for overnatting og opphald.
- b. Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen kan vere inntil 6,5m.
- c. Fritidsbustadane skal plasserast med ferdig golv på kote +3 over NN2000.
